

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

# INVESTERINGSPROSJEKT

Ålesund kommune

Møre og Romsdal Revisjon SA

Forvaltningsrevisjonsrapport nr. 02 | 2020

Møre og Romsdal Revisjon SA er eit samvirkeføretak eigd av Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven og Ålesund kommunar, samt Møre og Romsdal fylkeskommune. Selskapet utfører rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for eigarkommunane. Møre og Romsdal Revisjon SA vart etablert 1.1.2020, og har sitt hovudkontor i Astrups gate 9 i Kristiansund.

## FORORD

Møre og Romsdal Revisjon SA har utført denne forvaltningsrevisjonen på oppdrag frå kontrollutvalet i Ålesund kommune. Ein prosjektplan vart vedteke av kontrollutvalet i sak 25/19 den 4. september 2019.

Forvaltningsrevisjon er ei lovpålagd oppgåve, og kontrollutvalet har ansvaret for å sjå til at slike revisjonar blir utført, jmf. kommunelova 23-2 punkt c. Kommunelova § 23-3 1. ledd angir at forvaltningsrevisjon inneber å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknadar ut frå kommunestyret sitt vedtak.

Forvaltningsrevisjonsprosjektet inneheld førebuingar, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data, utarbeiding av rapport og kvalitetssikring.

Undersøkinga er gjennomført i tråd med standard for forvaltningsrevisjon.

Eit oppstartsmøte med rådmannen vart gjennomført 18. september 2019.

Rapporten er sendt på høyring til kommunedirektøren i tråd med praksis 6. mai 2020.

Vi tok imot kommunedirektøren sine kommentarar 25. mai 2020, og dei ligg som vedlegg til rapporten. Av høyringssvaret går det fram innleiingsvis at:

*Ålesund kommune har i flere år hatt utfordringer med kvalitet og leveransehastighet for investeringsprosjekt innen vann og avløp. Utfordringene som beskrives i rapporten er i stor grad kjent for virksomheten. Rapporten kommer i tillegg med gode løsningsforslag som vi ønsker å inkorporere i det videre arbeid med å forbedre kvalitet og leveranse innen investeringsprosjekt i virksomheten.*

Vidare i høyringssvaret går det fram at:

*Det er allerede påbegynt en rekke tiltak for å forbedre flere av de problemstillingene som reises i rapporten.*

Den resterande delen av høyringssvaret gir informasjon om tiltak som er gjort og som er på gang. Vi viser her til vedlegget.

Ålesund, 05.06.2020

Svein Ove Otterlei

oppdragsansvarleg revisor



## SAMMENDRAG

Under ei drøfting av val av tema for forvaltningsrevisjon i april 2019 bad kontrollutvalet om ei projektskisse innanfor område investeringsbudsjett. Ein prosjektplan vart vedteken av kontrollutvalet i sak 25/19 den 4. september 2019.

Denne rapporten dokumenterer vår gjennomgang av investeringsprosjekt i Ålesund kommune.

## PROBLEMSTILLINGAR

Prosjektet har vore avgrensa til ein gjennomgang av eit utval av investeringsprosjekt innan vatn og avløp for perioden 2015 til 2018, og har følgjande problemstilling:

Har Ålesund kommune tilfredsstillande system og rutinar som sikrar ei god gjennomføring av investeringsbudsjettet innan vatn og avløp. Herunder:

- a) Kostnadsoverslag som grunnlag for budsjettvedtak
- b) Oppstart med prosjektorganisering, roller og ansvarstilhøve
- c) Planlegging med prosjektplan, framdriftsplan, anskaffingsplan og risikoanalyse
- d) Oppfølging med kontraktsoppfølging, kostnadsprognose og rapportering
- e) Avslutning med prosjektrekneskap, arkivering og evaluering

*Norsk Standard* har gitt ut ein internasjonal standard *Veiledning i prosjektledning* som beskriv dei prosesser som er å sjå på som god praksis innanfor prosjektledning. Standarden angir at den kan nyttast av alle organisasjonar, offentlege, private eller frivillige, og for alle prosjekter uavhengig av kompleksitet, størrelse og varigheit.

Prosessane som det er referert til ovanfor, er gruppert i prosessgrupper og kunnskapsområde, og standarden har i alt 39 prosesser som blir tilrådd.

Vår inndeling frå b) til e) følger til ein viss grad standarden sine hovudkategoriar av prosessgruppene. Nokre av standarden sine tilrådingar er blitt konkretisert i rapporten.

## METODE

I dette prosjektet har vi i stor grad basert oss på skriftlege kjelder. Desse er dei sentrale styringsdokumenta som hovudplanar, saneringsplanar, budsjett, økonomirapportering og årsrekneskap, samt det settet av malar som vart utvikla i LEAN-prosjektet.

I samanheng med gjennomgangen av rekneskapen for eit utval av investeringsprosjekt, er det også gjort ein gjennomgang av arkivmapper i kommunen sitt saksarkiv *ACOS Websak* som er knytt til prosjektet. Dette for å få eit generelt inntrykk av kva for dokument som vanlegvis ligg der.

Når det gjeld samtalar med sentrale personar ved gjennomføring av investeringsprosjekt, er det gjennomført samtalar med teamleiar for utbygging. Vidare det gjort samtalar med tre ingeniørar som har eit prosjektleiaransvar for gjennomføringa av investeringsprosjekta. Det er også gjennomført samtalar med dei to stabsavdelingane verksemdsstyring og konserninnkjøp. Samtalane har gitt oss innblikk i måten det blir arbeidd på i høve til problemstillingane.

Kommunerevisjonen har blitt gitt tilgang til dei sentrale systema som rekneskapssystemet, lønssystemet, arkivsystem samt eit flatfilområde der alle dokumentet vedkomande eit prosjekt blir lagra. Prosjektet er utført av revisorar som er godt kjend med Ålesund kommune og systema som kommunen blir styrt etter. Vi har gått gjennom desse systema, og supplert med samtalanane er det vår vurdering av dette har gitt eit tilstrekkeleg grunnlag for å gi svar på problemstillingane.

I kapittel 2 har vi gjort ei framstilling av informasjon vedkomande investeringsbudsjettet frå og med 2014 og fram til i dag. I kapittel 3 har vi gjort ei framstilling av informasjon vedkomande dei prosjekta som vi valde ut. Desse to kapittel er å sjå på som ein del av faktagrunnlaget.

## KONKLUSJONAR

Kommunen har den seinare tid gjort eit viktig arbeid med å strukturere gangen i eit prosjekt innan vann og avløp. Dette arbeidet ber etter vårt syn likevel preg av å liste opp mange oppgåver som ei prosjektleiar skal gjere, utan at det er gitt særleg med rettleiing og prosedyrar for korleis alle desse oppgåve skal utførast.

Etter vår vurdering bør kommunedirektøren få på plass ei betre overordna planmessig styring og betre rapportering til politikarar og innbyggjarane, når det gjeld gjennomføring av prosjekt innan VA. Vidare er det viktig at planar og framdrift i prosjekta er godt forankra på kommunalsjefnivå.

Etter vår vurdering er det viktig at kommunedirektøren legg ein strategi for å løyse utfordringane i høve til kapasitet ved utbyggingsavdelinga . Dette inneber ein strategi for utvikling av eigne ressursar og ein innkjøpsteknisk strategi knytt til leige av eksterne resursar.

Vi vil anbefale kommunen å gjere ei evaluering av organiseringa av VA prosjekt. Vi siktar her til ansvarshøva mellom prosjektleiar og det som blir omtalt som ei prosjektgruppe. Etter vår syn er det ein stor risiko for at ein tilslører ansvarshøva ved organiseringa slik den er i dag, og då særleg i høve til kven som har ansvaret for økonomien i eit prosjekt.

Det blir ikkje oppretta ei prosjektgruppe i vanleg forstand som består at personar som har ansvar for dei ulike prosjektstyringsprosessane. Den som blir prosjektleiar i utbyggingsavdelinga synast å vere særst aleine i å skulle gjennomføre eit breitt spekter av oppgåver som krev god erfaring og kompetanse. Truleg kan ein med fordel leggje opp til at dei som arbeider ved utbyggingsavdelinga blir gitt ei viss grad av spesialisering. Kommunen bør etter vårt syn gjere ei formalisert vurdering i høve til å setje saman ei prosjektgruppe i vanleg forstand.

Investeringsprosjekta innan VA har, slik vi vurderer det, ikkje reelle budsjetttrammer som ein skal halde. Etter vårt syn bør kommunedirektøren prioritere å få ein fortgang i det arbeidet som økonomiavdelinga har arbeidd med dei seinare år i høve til å få på plass reelle budsjetttrammer vedteke av kommunestyret. Dette kan sørgje for ein betre disiplin i høve til å gjennomføre prosjekta i tråd med ein vedteken plan.

Dei sentrale styringsdokumenta bør etter vårt syn innehalde meir informasjon om prosjekta. Vi vil her særleg peike på informasjon som gir oversikt utover det eittårige perspektivet.

## ANBEFALINGAR I HØVE TIL DEI ULIKE PROSESSANE

Kommunen bør utarbeide skiftlege retningslinjer eller prinsipp som gir rettleiing til prosjektleiaren i høve til handtering av usikkerheit i dei ulike fasane.

Kommunen bør utvikle prosedyremalar som for alle investeringsprosjekt gir hjelp til å:

- Utforme eit prosjektmandat
- Gjennomføre ei interessantanalyse
- Handtere endringsstyring og omfangsstyring
- Utforme ein overordna prosjektplan og framdriftsplan for heile prosjekt
- Gjennomføre ei heilskapleg risikoanalyse
- Utforme ein anskaffingsplan
- Gjennomføre ei evaluering
- Gjere ei formell avslutning

Vår vurdering er at alle investeringsprosjekt over eit gitt nivå bør ha ein sluttrekneskap. Kommunen bør utarbeide eit standardoppsett for prosjektrekneskap som mogleggjer ei overordna og samla oppfølging av prosjektøkonomien.

Kommunen bør gjere ein gjennomgang av rutinar for arkiv vedkomande dokument som vedkjem investeringsprosjekta. Vidare bør kommunen gjere ei vurdering av behovet for edb-løysningar som kan understøtte prosjektprosessane på ein betre måte enn dagens system med ACOS Websak og flatfiler. Etter vår vurdering synleggjer vår gjennomgang eit behov for å få på plass eit meir spesialisert prosjektstyringsverktøy som har ei god dokumenthandtering.

## INNHALD

1.	Innleiing.....	1
1.1	Bakgrunn og bestilling.....	1
1.2	Problemstillingar og avgrensingar.....	1
1.3	Metode og gjennomføring.....	1
1.4	Revisjonskriterier.....	2
1.5	Overordna planverk.....	3
1.6	Statistikk.....	4
1.7	Om organisering VA.....	6
1.8	Om LEAN prosjektet.....	8
2.	Investeringsbudsjettet 2014-2020.....	10
3.	Utval av investeringsprosjekt.....	22
3.1	Fremmerholen.....	23
3.2	Parkgata.....	26
3.3	Skarbøvika.....	30
3.4	Åse.....	32
3.5	Rammebudsjett.....	35
4.	Revisjonskriterier.....	39
4.1	Kostnadsoverslag.....	39
4.2	Oppstartsfasen.....	39
4.3	Planlegging.....	40
4.4	Oppfølging.....	41
4.5	Avslutning.....	42
5.	Faktagrunnlag.....	43
5.1	Kostnadsoverslag.....	45
5.2	Oppstartsfasen.....	46
5.3	Planlegging.....	48
5.4	Oppfølging.....	49
5.5	Avslutning.....	52
6.	Vurderingar.....	53
6.1	Kostnadsoverslag.....	54



6.2	Oppstartsfasen .....	54
6.3	Planlegging .....	56
6.4	Oppfølging .....	56
6.5	Avslutning .....	58
7.	Konklusjonar og anbefalingar .....	60
	Vedlegg.....	62
	Sentrale dokumenter og litteratur .....	62
	Kommunedirektøren sine kommentarar .....	63
	Hovudplan og saneringsplan .....	67
	Historikk .....	67
	Hovudplan .....	70
	Overordna saneringsplan .....	72
	Investeringsbudsjett 2014-2020 .....	78
	Budsjettår 2014.....	78
	Budsjettår 2015.....	79
	Budsjettår 2016.....	81
	Budsjettår 2017 .....	83
	Budsjettår 2018.....	95
	Budsjettår 2019.....	101
	Budsjettår 2020.....	112

## 1. INNLEIING

Denne rapporten dokumenterer vår gjennomgang av investeringsprosjekt i Ålesund kommune.

I dette kapitlet gjer vi greie for bestillinga. Vi vil også gi kort informasjon om organiseringa innan vann og avløp i Ålesund kommune, samt litt informasjon om *LEAN* prosjektet. Vi skal også gi kort informasjon om det overordna planverket, samt litt statistikk frå *KOSTRA* og *bedreVann*.

### 1.1 BAKGRUNN OG BESTILLING

Kontrollutvalet satt opp ei sak 12/19 med tittel: *Diskusjon om mulig ny forvaltningsrevisjon for Ålesund kommune* den 05.03.19. Saka vart utsett til neste møte 25.04.19, og vedtaket i sak 15/19 var:

*Kontrollutvalget velger seg kommunens investeringsbudsjett som tema for ny forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalget ber Kommunerevisjon 3 komme tilbake ved neste anledning med en skisse for mulige problemstillinger og avgrensninger.*

Ein prosjektplan vart lagt fram for kontrollutvalet 04.09.19 i sak 25/19 og vedtaket var:

*Kontrollutvalget i Ålesund vedtar framlagte prosjektplan datert 27. august 2019 og setter i gang arbeidet med forvaltningsrevisjon av investeringsprosjekt i Ålesund kommune.*

### 1.2 PROBLEMSTILLINGAR OG AVGRENSINGAR

Prosjektet har vore avgrensa til ein gjennomgang av eit utval av investeringsprosjekt innan vatn og avløp for perioden 2015 til 2018, og vil ha følgjande problemstilling:

Har Ålesund kommune tilfredsstillande system og rutinar som sikrar ei god gjennomføring av investeringsbudsjettet innan vatn og avløp. Herunder:

- f) Kostnadsoverslag som grunnlag for budsjettvedtak
- g) Oppstart med prosjektorganisering, roller og ansvarstilhøve
- h) Planlegging med prosjektplan, framdriftsplan, anskaffingsplan og risikoanalyse
- i) Oppfølging med kontraktsoppfølging, kostnadsprognose og rapportering
- j) Avslutning med prosjektrekneskap, arkivering og evaluering

### 1.3 METODE OG GJENNOMFØRING

Det å ha gode system og rutinar er viktig for å sikre at kommunen overheld eit regelverk eller ein god praksis, men det er ofte ikkje tilstrekkeleg å berre ha nedfelte rutinar. I tillegg, må ein også sørge for ei god oppfølging og sikring av at dei også blir følgde.

Prosjektet har blitt gjennomført i samsvar med følgjande framdriftsplan:

- Oppstartsmøte med rådmann
- Gjennomgang av rutinar og dokument som vedkjem investeringsprosjekt
- Gjennomgang av eit utval av investeringsprosjekt og gjennomgå rekneskapen for desse
- Samtalar med sentrale personar ved gjennomføring av investeringsprosjekt
- Utarbeiding av rapport

I samanheng med gjennomgangen av rekneskapen for eit utval av investeringsprosjekt, er det også gjort ein gjennomgang av arkivmapper i kommunen sitt saksarkiv *ACOS Websak* som er knytt til prosjektet. Dette for å få eit generelt inntrykk av kva for dokument som vanlegvis ligg der.

Når det gjeld samtalar med sentrale personar ved gjennomføring av investeringsprosjekt, er det gjennomført samtalar med teamleiar for utbygging. Vidare det gjort samtalar med tre ingeniørar som har eit prosjektleiaransvar for gjennomføringa av investeringsprosjekta. Det er også gjennomført samtalar med dei dei to stabsavdelingane verksemdsstyring og konserninnkjøp.

Kommunerevisjonen har blitt gitt tilgang til dei sentrale systema som rekneskapssystemet, lønssystemet, arkivsystem samt eit flatfilområde der alle dokumentet vedkomande eit prosjekt blir lagra. Prosjektet er utført av revisorar som er godt kjend med Ålesund kommune og systema som kommunen blir styrt etter. Vi har gått gjennom desse systema, og supplert med samtalanane er det vår vurdering av dette har gitt eit tilstrekkeleg grunnlag for å gi svar på problemstillingane.

#### 1.4 REVISJONSKRITERIER

Revisjonsforskrifta angir at det skal etablerast revisjonskriterier for alle forvaltningsrevisjonsprosjekt. Revisjonskriterier er dei krav eller normer som dei innsamla data blir vurdert opp mot. Desse skal vere grunngitt i, og utleidd frå, autoritative kjelder innanfor det området som er gjenstand for revisjon. Ein kan også leggje til grunn det ein må tru at det ikkje er usemje om.

Kommunelova § 25-1 angir i 1. ledd at kommunen skal ha internkontroll, og at kommunedirektøren er ansvarleg for den. Det inneber at kommunedirektøren må ha nedfelt eit sett med gode prinsipp som gjer at kommunestyret kan forvente at viktige mål blir nådd. Vi viser til COSO-rammeverket som ein etablert norm for internkontroll.

I tillegg til dette, vil vi i ta utgangspunkt i kommunelova § 14-4.

*Norsk Standard* har gitt ut ein internasjonal standard *Veiledning i prosjektledelse* som beskriv dei prosesser som er å sjå på som god praksis innanfor prosjektleiing. Standarden angir at den kan nyttast av alle organisasjonar, offentlege, private eller frivillige, og for alle prosjekter uavhengig av kompleksitet, størrelse og varigheit.

Prosessane som det er referert til ovanfor, er gruppert i prosessgrupper og kunnskapsområde, og standarden har i alt 39 prosesser som blir tilrådd.

Vår inndeling frå b) til e) følger til ein viss grad standarden sine hovudkategoriar av prosessgruppene. Nokre av standarden sine tilrådingar har blitt konkretisert i rapporten.

## 1.5 OVERORDNA PLANVERK

Denne rapporten sitt hovudfokus er å sjå på prosjekt som kommunen har valt å gjennomføre, og ikkje korleis dei har blitt valt ut. Vi skal her likevel gjere greie for planverket og historikk. Ein meir detaljert gjennomgang av dette planverket ligg som vedlegg.

Ålesund kommune vedtok 06.05.99 ein hovudplan for vann 1999-2002, medan ein hovudplan for avløp 1999-2002 vart vedteken 03.02.00. Det vart starta opp eit arbeid med revisjon av desse to planane i 2006. Arbeidet stoppa opp på grunn av kapasitetsproblem, *samtidig som en avventet avklaring på spørsmål om hvordan nye krav i forurensningsforskriften skulle tolkes<sup>1</sup>, samt ønske om å avvente videre arbeid med hovedplanen til ROS-analyse og beredskapsplan var utarbeidet<sup>2</sup>*. Ein ny hovudplan for avløp 2011-2020 vart vedteke 17.11.11, medan ein ny hovudplan for vann 2014-2024 vart vedteke 22.05.14.

Ålesund bystyre vedtok 29.08.19 i sak 081/19 ein revidert hovudplan for vannforsyning, avløp- og overvannshandtering 2019-2029 med eit tilhøyrande handlingsprogram slik det låg føre i eit vedlegg.

Overordna saneringsplan er datert 16.11.18, og av innleiinga går det fram at den:

*... skal bidra til en god og systematisk utbedring av ledningsnett i Ålesund kommune. Det er et stort behov for utbedring av det eksisterende ledningsnett, og kommunen har blant annet utfordringer knyttet til vannlekkasjer og mye fremmedvann på avløpsnett.*

Vidare at:

*Saneringsplanen oppsummerer status på ledningsnett i Ålesund kommune, vurderer ledningsnettets ytelse og identifiserte risiko, og angir en prioritering av soner for sanering. I arbeidet er det lagt til grunn at det senere vil bli utarbeidet detaljerte saneringsplaner for de identifiserte sonene. Denne overordnede saneringsplanen vurderer hele ledningsnett i Ålesund kommune, og har derfor et tidsperspektiv på 10-20 år.*

Det går fram av samandraget at: *Hovedplan for vannforsyning og avløpshandtering legger føringer for saneringsplanen.* Saneringsplanen er likevel datert før hovudplanen, og måla i saneringsplanen er ikkje fult ut samanfallande med måla i hovudplanen.

Mål innan vann som er relevante i høve til denne rapporten sitt fokus er:

Mål	Ytelsesindikator	Målverdi
Tilstrekkelig rehabiliteringstakt.	$\frac{\text{Antall km rehabilitert vannledning per år}}{\text{Total lengde vannledning [km]}}$	1,5 %

Innan avløp:

Mål	Ytelsesindikator	Målverdi
Minimere overløpsutslipp	$\frac{\text{Mengde overløp per år}}{\text{Total avløpsmengde per år}}$	≤ 5 %
Tilstrekkelig utskiftingstakt av gamle og nye ledninger, samt separering av fellessystem.	$\frac{\text{Antall km rehabilitert avløpsledning per år}}{\text{Total lengde vannledning [km]}}$	1,5 %

<sup>1</sup> Forord, Hovedplan avløp 2011 – 2020

<sup>2</sup> Forord, Hovedplan for vannforsyning 2014-2024

Og:

Mål	Ytelsesindikator	Målverdi
Sanere direkteutslipp	Størrelse på direkte utslipp [pe beregnet BOFs]	0

Ålesund kommune sitt noverande utsleppsløyve er datert 17.06.16 og gjeld utslepp av avløpsvann på inntil 90 000 personekvivalentar (pe). Av saneringsplanen går det fram at utsleppsløyvet set: *krav til beregning eller måling av driftstid på overløp og at samlet mengde utslipp via overløp skal være mindre enn 5 % av totale utslipp innen 1.1.2021. Og at:*

*Mange av overløpene går i drift selv ved små nedbørsmengder.*

Utsleppsløyvet set også krav om å sanere utslippspunkt som ikkje tilfredsstillar utsleppskravet innan 01.01.20. Dette gjeld 19 punkt, og status er at berre eit fåtal er sanert og at fristen har blitt forskyvd.

## 1.6 STATISTIKK

I 2011 vart det etablert ei målsetting om at kommunen skulle auke utskiftingstakta av eldre og dårlege avløpsleidningar, samt separere fellessystem, slik at minst 3 km vart fornya kvart år. Det var etablert ei målsetting for vann i 2014 om: *å fornye og utskifte 1 % av leidningane per år*, men det vart presisert at: *På grunn av manglande kapasitet kunne dette målet vere vanskeleg å nå på kort sikt.*

I nyleg vedteke hovudplan er det etablert ei målsetting om ei rehabiliteringstakt for vann på 1,5 % og ei utskiftingstakt av gamle og nye leidningar, samt separering av fellessystem på 1,5 %. Dette igjen har utgangspunkt i kommuneplanen sin samfunnsdel som angir at kommunen skal vere minst på anbefalt nasjonalt nivå.

Vi har henta ut statistikk frå KOSTRA slik den er rapportert inn frå Ålesund kommune til SSB:

	Vann			Avløp		
	Ledningsnett	Utskiftet/ rehabilitert	Taktindikator	Spillvannnett	Lengde fornyet spillvannnett	Taktindikator
<b>2007</b>	292 793	978	0,33 %	261 721	2 245	0,86 %
<b>2008</b>	296 002	553	0,19 %	261 721	1 061	0,41 %
<b>2009</b>	295 584	839	0,28 %	274 928	2 355	0,86 %
<b>2010</b>	310 128	762	0,25 %	277 813	594	0,21 %
<b>2011</b>	312 299	1 891	0,61 %	281 424		
<b>2012</b>	296 782	639	0,22 %	281 424		
<b>2013</b>	296 782	1 576	0,53 %	280 010	1 818	0,65 %
<b>2014</b>	296 782	2 000	0,67 %	280 010		
<b>2015</b>	307 133	3 506	1,14 %	287 475	2 239	0,78 %
<b>2016</b>	309 669	3 428	1,11 %	290 086	1 870	0,64 %
<b>2017</b>	309 263	1 943	0,63 %		3 424	
<b>2018</b>	311 538	2 860	0,92 %	291 249	1 810	0,62 %
<b>2019</b>	335 281			291 332	1 680	0,58 %
	<b>305 387</b>	<b>1 748</b>	<b>0,57 %</b>	<b>279 933</b>	<b>1 910</b>	<b>0,68 %</b>

Kjelde: KOSTRA

I hovudplanen var det oppgitt følgjande tal for: *Tilstrekkelig rehabiliteringstakt*: 2015-0,69 %, 2016:- 0,70 % og 2017- 0,66 %. For: *Tilstrekkelig utskiftingstakt av gamle ledninger, samt separering av fellessystem* stod det: 2015-0,47 %, 2016-0,47 % og 2017-1,19 %. For sistnemnte er tala basert på det same grunnlaget som er nytta ovanfor, men delt på gjennomsnittet for dei tre siste åra.

Interesseorganisasjonen *Norsk Vann* gjennomfører kvart år ei benchmarking av tilstanden på vann- og avløpstenester. Resultata blir publisert i ein rapport<sup>3</sup> og i form av webrapportar<sup>4</sup>.

#### Utdrag av webrapport for vann:

Kommune	Personer tilknyttet <sup>1)</sup>	KI	Hygienisk betryggende drikkevann	Bruksmessig vannkvalitet	Leveringsstabilitet	Alternativ forsyning	Ledningsnettets funksjon
Vekting kvalitetsindeks:							
Ålesund	45 998	2,9	God	God	Mangelfull	Dårlig	Mangelfull

#### Utdrag av webrapport for avløp:

Kommune	Personer tilknyttet <sup>1)</sup>	KI	Overholdelse gjeldende renskrav	Tilknytning til godkjent utslipp	Kvalitet og bruk av slam	Overløpsutslipp fra avløpsnett	Ledningsnettets funksjon
Vekting kvalitetsindeks:							
Ålesund	47 060	0,6	Dårlig	Mangelfull	Dårlig	Mangler data	Mangelfull

I alt 80 kommunar og 9 interkommunale selskap var deltakarar i 2018.

For tenesta avløp kom Ålesund kommune på sisteplass i denne undersøkinga. Dette hadde samanheng med at kommunen har ein dårleg score på indikatoren *Overholdelse gjeldende renskrav* som er vekta med 40 %. Ein dårleg score inneber at meir enn 10 % av innbyggjarane eller meir enn 1 000 innbyggjarar, er knytt til eit anlegg som ikkje overheld gjeldande krav i 2018. Kommunen manglar også data for overløp som blir vekta med 20 %. Hovudplanen angir eit mål om under 5 % og *bedreVann* gir ein score dårleg om den er over 15 % eller at ein manglar data. Vi har etterspurt om kommunen har eit tal på denne indikatoren. I ulike styringsdokument og i samtale vart overløp omtalt som ei utfordring.

Også for tenesta vann kom Ålesund kommune noko dårleg ut, då det berre var 9 kommunar som hadde ein dårlegare score. Dette var knytt til ein dårleg score for: *Alternativ forsyning*, samt ein mangelfull score på *Leveringsstabilitet* og *Ledningsnettets funksjon*.

<sup>3</sup> <https://bedrevann.no/pdf/bedreVANN2018.pdf>

<sup>4</sup> <http://bvprod.more.no/BedreVann/WebRapporter>

## 1.7 OM ORGANISERING VA


Tenestene innan vann og avløp er etter 01.01.20 organisert under *Miljø, by- og stadutvikling* og er leia av ein kommunalsjef og ein assisterande kommunalsjef med ein fagstab på fem tilsette.

Vidare er det tre verksemdar med ein leiar. Desse er verksemdene er: *Plan, byggesak og geodata - Vann og avløp - Veg og grønt*. *Vann og avløp* igjen er delt opp i fem avdelingar med ein leiar. Desse avdelingane er: *Vann ytre - Vann indre og nordre, Avløp ytre, Avløp indre og nordre - Prosjektering og utbygging - Leidningsdata og myndeutøving*. Nye Ålesund kommune har til ein viss grad vidareført organiseringa som var innan vann og avløp gamle Ålesund kommune, med ei ny avdeling for vann og ei ny avdeling for avløp, geografisk avgrensa til indre og nordre del av kommunen.

Denne rapporten gjeld hovudsakleg gamle Ålesund kommune, og vi vil her kort gjere greie for organiseringa slik den vart framstilt i hovudplanen som vart vedteke kort tid før samanslåinga. Under punkt 1.5 om *Organisering og bemanning* stod det følgjande:

*Kommunens virksomhet for vann, avløp og renovasjon (VAR) er en av 70 kommunale virksomheter og en av de største med hensyn til bemanning og økonomi. VAR-virksomheten sorterer under kommunalsjef for tekniske tjenester. Virksomheten ble i 2011 organisert etter en todelt modell med forvalter-/bestilleroppgaver på den ene siden, og driftsoppgaver på den andre. Innenfor denne todelingen er oppgavene fordelt i ulike sidestilte team. Bakgrunnen for denne organiseringen er at utføreroppgavene lett skal kunne konkurranseutsettes dersom det politisk blir bestemt.*

Deretter vart det framstilt eit slikt organisasjonskart:



I punkt 1.5.1 om *Team Vann* stod det:

*Team Vann har ansvaret for å drifte og vedlikeholde anlegg for vannproduksjon og vanddistribusjon. I 2018 er bemanningen knyttet til driftsoppgaver på om lag 27 årsverk.*

*Team for vann ivaretar fellesfunksjoner slik som registrering og vedlikehold av fagdatabaser for kommunens vann- og avløpsinfrastruktur.*

I punkt 1.5.2 om *Team Avløp* stod det:

*Team Avløp har ansvaret for å drifte, vedlikeholde og rehabilitere det kommunale avløpssystemet, bestående rensanlegg, pumpestasjoner, ledningsnett og flere større slamavskillere. I 2018 er bemanningen knyttet til driftsoppgaver på 20 årsverk.*

I punkt 1.5.4 om *Team Utbygging* stod det:

*Team Utbygging utarbeider hovedplaner for vannforsyning og avløpshåndtering, prosjektering av utskiftingsprosjekt og nye prosjekt, overtagelse av privat utbygde anlegg, og andre oppgaver som følger av organisasjonsplanen. I 2018 er bemanningen knyttet til 11 årsverk.*

Vi har nedanfor framstilt ei oversikt over dei ulike stillingane innan vann, avløp og utbygging, henta frå lønssystemet per september 2019:

	Leder	Driftsleder	Oppsyns- mann	Drifts- operatør	Ingeniør	Andre	Sum
Vann	0,35	3,0	4,0	7,0	5,0	0,2	19,55
Avløp	1,4	3,0	4,0	8,0	1,0	3,2	20,6
Utbygging	1,0				10,9		11,9
	<b>2,75</b>	<b>6,0</b>	<b>8,0</b>	<b>15,0</b>	<b>16,9</b>	<b>3,4</b>	<b>52,05</b>

Kjelde: Lønssystemet per september 2019

I hovudplanen under økonomi er det gitt eit samandrag i punkt 11.5 der det står følgjande:

*Ålesund kommune står overfor store investeringer innan vann- og avløpssektoren. Dette er en konsekvens av strengere krav og retningslinjer fra sentrale myndigheter for behandling av forsynings- og avløpsvann, krav til sikkerhet, og et vesentlig etterslep i vedlikeholdet. Videre har en de siste årene fått nye utfordringer i forhold til fortetting, sikring av vannkilder og fordelingsnett, håndtering av overvann og spillvann – forhold som må løses ut fra målsettingen om en robust og bærekraftig vann- og avløpssektor.*

*Ålesund kommune har de senere årene lyktes med å rekruttere ingeniører med faglig kompetanse innen vann- og avløpshåndtering. Dette er en vesentlig faktor for å lykkes med det videre arbeidet. En ser at behovet for nye ressurser vil bli opprettholdt fremover, men da kommunesammenslåingen fra 01.01.2020 vil medføre endret organisering av VAR-virksomheten, har hovedplanen ikke konkret satt opp nye ressurser som tiltak i denne revisjonen.*



## 1.8 OM LEAN PROSJEKTET

VH Vann, avløp og renovasjon har sidan hausten 2018 arbeidd med nye system og rutinar innan prosjektgjennomføring. I eit internt notat av 09.10.18 går det fram at status då og gjenstående arbeid var: *Ferdigstilling av implementering av nye rutiner og Sluttrapportering og gevinstrealisering*. Vidare at ein tok sikte på å ferdigstille arbeidet våren 2019. I driftsavtalen for både 2018 og 2019 går det fram under punktet om satsingsområde at VAR skal: *Prioritere arbeid med kontinuerlig forbedring etter LEAN-prinsipper*.


Ein sentral del av arbeidet med LEAN har vore å konkretisere eit prosesskart som med utgangspunkt i ein saneringsplan skal tydeleggjere flyten i eit prosjekt fram til det blir avslutta.

Prosesskartet er delt inn i 4 fasar:

- *Planlegging*
- *Oppstart og innledende arbeid*
- *Prosjekt*
- *Avslutning*

Når det gjeld fasen *Prosjekt* blir det skilt mellom prosjekt over og under 1 mill. kr.

Nedanfor har vi gjort eit utklipp frå dette prosesskartet:



Ei utfordring med slike prosesskart er at dei inneheld mykje informasjon og er noko vanskeleg å framstille på ein enkel måte. Særleg gjeld dette den horisontale dimensjonen som lett blir lang. Prosesskartet er presentert i form av ei PDF-fil med ein dimensjon på 21 cm i høgda og 232 cm i breidda, om lag 8 liggande A4 sider etter kvarandre. I fila er det også bygd inn 29 linkar til ulike maledokument. Vi tar med eit utklipp ovanfor, for å gi ein illustrasjon på kva det blir sikta til med eit prosesskart.


Utbygging har eit felles flatfilområde der det blir lagra ulike dokument som vedkjem eit prosjekt. I samanheng med LEAN prosjektet vart det utvikla ein ny mal på strukturen på prosjektmappene.

Kvart prosjekt får ein arkivid, til dømes 17-1977 og eit namn til dømes *Fremmerholen sanering*. Det blir så oppretta ei mappe 17-1977 *Fremmerholen sanering*.

I figuren til høgre har vi framstilt dei to øvste nivå i denne malmappestrukturen. Den utgjer i alt 62 mapper og det er lagt inn 50 ulike dokumentmalar.

Denne strukturen skal ein for alle prosjekt kopiere inn på flatfilområdet. Ein gjennomgang viser at kommunen stor sett har nytta denne malen i prosjekta for 2019 og framover.

Øvst i strukturen ligg det ei fil *Prosjektinfo* der ein skal fylle inn sentral informasjon som: *Prosjektnavn, Konsulent, Entreprenør, Prosjektleder, Saksbehandler* og *DVPro Ordre*.



Vidare skal ein fylle inn objekt nr. for *Veg, Vann* og *Avløp*, samt *Acos saksmappe*. Det skal også fyllast ut: *Oppstartet dato, Status fremdrift* og *Ferdigstilt dato*.

Under nivå 1. *Prosjektleder* ligg det 20 dokument. Av desse er 11 dokument knytt til SHA (*Sikkerhet, Helse og Arbeidsmiljø*) som er ein del av byggherreforskrifta. Desse dokumenta skal angi: *hvordan byggherre skal ivareta arbeidstakernes sikkerhet, helse og arbeidsmiljø gjennom prosjektering og gjennomføring av bygge- og anleggsarbeider*. Vidare ligg det 3 dokument under nivå 2: *7. Sluttbefaring og overtakelsesforretning*.

Når det gjeld nivå 2: *5 Økonomi og Framdrift* er det lagt inn to excel-malar: *For- og etterkalkyle* og *Prosjektregnskap*. Når det gjeld *For- og etterkalkyle* gir denne ei skisse til eit tenleg oppsett og eit døme på utrekning av *Fremmerholen trinn 2: 426 meter* og *Ole Thoresens gate: 360 meter*. Når det gjeld *Prosjektregnskap* er dette ein mal for å registrere løpande fakturaer gruppert etter postane: *1. Hovedentreprenør, 2. Rammeavtale* og *3. Annet*, fordelt på tenestene *Vann, Avløp* og *VAP*.

Eit sentralt dokument er eit *Prosjektark* som skal fyllast ut og signerast av prosjektlear, teamlear og verksemdslear. Ein god del dokument er ikkje nye med LEAN prosjektet,. Dette gjeld m.a. dette prosjektarket som går ein del år tilbake. I prosjektarket skal ein angi prosjektorganisering ved å angi: *Prosjektleder, Byggeleder, Konsulent* og *Entreprenør*. Ein skal vidare oppgi staden for prosjektet med eit kart og ein oppstartsdato. Dei tre neste utfyllingspunkta er: *Beskrivelse av prosjekt, Samarbeid med andre* og *Etapper*. Til slutt skal ein gjere ei vurdering av kost og nytte, samt å angi eit kostnadsestimat.

## 2. INVESTERINGSBUDSJETTET 2014-2020

I neste kapittel skal vi gjere ein gjennomgang av eit utval av investeringsprosjekt, og gjennomgangen skal gi case som skal vere med å danne eit grunnlag for å svare på rapporten sin problemstillingar. Utgiftene og budsjetta til desse investeringsprosjekta strekkjer seg frå 2014 og fram til i dag.

I dette kapittel skal vi sjå på den overordna informasjonen som er gitt med omsyn investeringar innan vann og avløp i dei sentrale styringsdokumenta. Det sentrale i denne gjennomgangen er handteringa av rekneskapskjema 2B, som skal vere satt opp med bruttoutgifter. Vi viser til vedlegget som gir ei utførleg framstilling av investeringsbudsjettet for åra frå 2014 og fram til 2020.

### Budsjettår 2014

Budsjettet for 2014 var satt opp med ei ramme på 29,400 mill. kr till vann og 60,100 mill. kr til avløp. Det var i liten grad gitt noko særleg med informasjon utover at det vart vist til ein hovudplan for vann som ville bli vedteke seinare i budsjettåret og ein hovudplan for avløp som vart vedteke i 2012. Rammebudsjettering og manglande detaljar innan VA hadde samanheng med at desse to områda hadde ein hovudplan. Det vart ikkje gjort endringar i dei to rammepostane under den politiske behandlinga av budsjettet.

Det vart ikkje gjennomført budsjettjusteringar gjennom året for investeringar innan VA. I dette ligg at det ikkje vart overført unytta lånemidlar frå året før.

Investeringsramma for både vann og avløp var ikkje fordelt ut på prosjekt i rekneskapsystemet.

Hovudtall for 2014:

	<b>Rekneskap 2014</b>	<b>Justert budsjett 2014</b>	<b>Opphavleg budsjett 2014</b>
Vann	35 386 542	29 400 000	29 400 000
Avløp	69 821 364	60 100 000	60 100 000
	<b>105 207 906</b>	<b>89 500 000</b>	<b>89 500 000</b>

Kjelde: Rekneskapsystemet

I alt vart det investert for 105,208 mill. kr finansiert med lån innan VA i 2014. I dette ligg eit fråtrekk på 2,857 mill. kr, som var ulike refusjonar som ikkje var budsjetterte. Dette gir eit meirforbruk på 15,708 mill. kr, eller 18,565 mill. kr om ein tek omsyn til dei ubudsjetterte inntektene.

I årsrekneskaper for 2014 vart det i rekneskapskjema 2B satt opp tre tabellar. Desse var bruttoutgifter som vart fordelt på verksemdsområde, fordelt per verksemd og fordelt per verksemd og prosjekt. Det vart ikkje fordelt ut budsjetttrammer til det einskilde prosjekt innan VA. For alle verksemdsområda opplyste årsrekneskaper om at det var 34,852 mill. kr og 46,674 mill. kr per 31.12 i unytta lånemidlar for respektivt 2014 og 2013.

### Budsjettår 2015

Budsjettet for 2015 var langt på veg satt opp på same måte som året før med ei ramme på 41,7 mill. kr kvar til vann og avløp, samt 2 mill. kr til ein spyle- og slamsugebil for avløpsnett. Det vart ikkje gjort endringar i desse postane under den politiske behandlinga av budsjettet.

I eit internt budsjettnotat vedkomande *Utbygging* går det fram at:

*En økning av kapasitet er nødvendig og ønskelig for å kunne ta unna en del av etterslep på prosjektering samtidig som en bygger opp egen kompetanse. Konsulentmarkedet i regionen har heller ikkje kapasitet til å ta unna for behovet.*

Investeringsramma for både vann og avløp var ikkje fordelt ut på prosjekt i rekneskapssystemet.

I juni 2015 vart det fremma ei sak om å auke rammene innan avløp med 18,3 mill. kr som var *differansen på innmeldt behov fra VAR og vedtatt budsjett for avløp*. I saksutgreiinga stod det at:

*Dersom investeringsrammen for avløp ikke blir økt, er konsekvensen at kommunen ikke kan fornye og separere nødvendig ledningsnett utover prosjekt som allerede har startet opp.*

*Kommunen kan heller ikke delta i nye prosjekt som gjelder samordning med andre etater som veg, fiber, fjernvarme m.m. Kommunen må utsette prosjekt for å sanere urensset utslipp. Dette er prosjekt som er utsatt for lenge allerede. Forskyving av prosjekt frem i tid vil gi et etterslep på nødvendig arbeid, og føre til økte investeringsbehov fremover.*

Det vart ikkje gjort budsjettendringar utover dette i 2015, slik at det heller ikkje for dette året vart overført unytta lånemidlar frå året før.

Hovudtall for 2015:

	<b>Rekneskap 2015</b>	<b>Justert budsjett 2015</b>	<b>Opphavleg budsjett 2015</b>
Vann	40 808 580	41 700 000	41 700 000
Avløp	59 764 276	62 000 000	43 700 000
	<b>100 572 856</b>	<b>103 700 000</b>	<b>85 400 000</b>

*Kjelde: Rekneskapssystemet*

I alt vart det investert for 100,572 mill. kr i 2015 innan VA, finansiert med lån. I dette ligg eit fråtrekk på 4,495 mill. kr, som var ulike refusjonar som ikkje var budsjettert. Dette gir eit mindreforbruk på 3,127 mill. kr, eller meirforbruk på 1,368 mill. kr om ein tek omsyn til dei ubudsjetterte inntektene.

I årsrekneskapen for 2015 vart rekneskapsskjema 2B satt opp som året før. Heller ikkje for 2015 vart rammene fordelt ut på prosjekt. For alle verksemdsområda stod det 37,276 mill. kr i unytta lånemidlar per 31.12.15.

### Budsjettår 2016

Det vart fremma ei sak i juni 2015 vedkommande budsjett for 2016. Bakgrunnen for ei slik tidleg behandling var at kommunen hadde blitt innmeldt i ROBEK, slik at fylkesmannen skulle godkjenne låneopptaket. Det var då viktig å få ei avklaring på nivået på låneopptaket som kunne bli godkjend før eit nytt budsjettår vart starta opp. Det går fram av saka når det gjeld vann og avløp som er dekt av abonnentane, så vil dei bli haldt utanfor ved godkjenning. Ein tok difor sikte på å vidareføre investeringsnivået, men også at det vil bli behov for å revidere dette i ei eiga sak.

Budsjettet for 2016 var langt på veg satt opp som året før med ei ramme på 90,400 mill. kr till vann og 98,00 mill. kr til avløp. Det vart nemnt at ein hadde utgreidd reservevannforsyning som hadde gitt eit anslag på 250 mill. kr som var ei vesentleg auke i høve til hovudplanen. Dette anslaget vart fordelt ut i økonomiplanen frå og med 2017. Vidare vart det også nemnt at avløp iht. lovverk måtte

bygge/ombygge og ferdigstille to renseanlegg i 2016 og at det medførte høge kostnader. Det vart ikkje gjort endringar i budsjettet under den politiske behandlinga.

Det vart fremma ei sak for bystyret i slutten av november der det stod at det var forseinkingar i gjennomføringa av investeringane, slik at det vart foreslått og vedteke å redusere ramma for vann og avløp med respektivt 35 mill. kr og 25 mill. kr. Vidare vart rådmannen gitt fullmakt til å detaljere endringane i investeringsbudsjettet. Det vart ikkje gjort budsjettendringar utover dette, slik at det heller ikkje for 2016 vart overført unytta lånemidlar frå året før.

Investeringsbudsjettet vart lagt inn i rekneskapssystemet på to generelle postar, slik at rammene ikkje var fordelt ut på prosjekt i rekneskapssystemet.

Hovudtall for 2016:

	<b>Rekneskap 2016</b>	<b>Justert budsjett 2016</b>	<b>Opphavleg budsjett 2016</b>
Vann	43 666 328	55 400 000	90 400 000
Avløp	59 377 215	73 000 000	98 000 000
	<b>103 043 543</b>	<b>128 400 000</b>	<b>188 400 000</b>

Kjelde: Rekneskapssystemet

I alt vart det investert for 103,044 mill. kr finansiert med lån innan VA i 2016. I dette ligg eit fråtrekk på 1,599 mill. kr, som var ulike refusjonar som ikkje var budsjettert. Dette gir eit mindreforbruk på 25,356 mill. kr, eller 23,757 mill. kr om ein tek omsyn til dei ubudsjetterte inntektene.

I årsrekneskapen for 2016 vart rekneskapsskjema 2B satt opp som året før. Heller ikkje for 2016 var rammene fordelt ut på prosjekt. For alle verksemdsområda stod det 73,272 mill. kr i unytta lånemidlar per 31.12.16, ei auke på om lag 36 mill. kr.

### Budsjettår 2017

Budsjettet for 2017 var langt på veg satt opp som året før med ei ramme på 143 mill. kr till vann og 153 mill. kr til avløp. I kommentardelen stod det følgjande

*Vann: 143 mill. kroner i 2017, 217 mill. kroner i 2018, 126 mill. kroner i 2019 og 68 mill. kroner i 2020. Verdt å nevne spesielt er at alternativt vannforsyningsanlegg er inkludert i ramme. Tiltaket skal opp til egen politisk behandling rett over sommeren 2016. Kostnadsrammer og framdrift er foreløpig usikre.*

*Avløp: 153 mill. kroner i 2017, 170 mill. kroner i 2018, 165 mill. kroner i 2019 og 69 mill. kroner i 2020. Inkludert i rammene er et grovt kostnadsanslag for felles avløpsrenseanlegg med Sula, som da vil erstatte flere av kommunens gamle anlegg. Tiltaket skal opp til egen politisk behandling tidlig på høsten 2016.*

Under den politiske behandlinga av budsjettet i oktober 2016 vart desse to postane med ein sum på 296 mill. kr fjerna. Bystyret fatta vedtak om at:

*Investeringer og gebyrer knyttet til VAR i økonomiplanperioden 2017-2020 blir behandlet i egen sak.*

Saka som det er referert til ovanfor vart fremma i november 2016 og den inneheldt omfattande informasjon. I forkant av budsjettprosessen vart det også framstilt detaljerte interne notat i mai 2016. Vi viser til vedlegg med detaljar i høve til dette. Bystyret fatta eit slikt vedtak i punkt 2:

*Ålesund bystyre vedtar investeringsplan vann slik den er lagt fram, med følgende rammebevilgninger for 2017-2020*

År	2017	2018	2019	2020
Ramme vann	Ramme 68,2 mill., hvorav 22,8 mill. i nye midler	209,5 mill.	185,2 mill.	55,5 mill.

*Tidligere ubrukte bevilgninger opprettholdes.*

Og eit slikt vedtak i punkt 4:

*Ålesund bystyre vedtar investeringsplan avløp slik den er lagt fram, med følgende rammebevilgninger for 2017-2020:*

År	2017	2018	2019	2020
Ramme avløp	Ramme 74,5 mill., hvorav 41,5 mill. i nye midler	124 mill.	208,5 mill.	152 mill.

*Tidligere ubrukte bevilgninger opprettholdes.*

Det vart fremma ei sak i juni om overføring av unyttta lånemidlar frå 2016 til 2017. I saka stod det:

*Det var ved årsskiftet 40,96 mill. kroner i ubrukte lånemidler utenom etableringslån. Det er satt opp et forslag til overføringer fra 2016 til 2017 for det meste av disse midlene til bruk i investeringsbudsjettet.*

I saka låg det ved ei oversikt over alle prosjekt for 2016, der det vart lagt inn kommentarar på inndecking av meirforbruk. Når det gjeld vann og avløp så var ikkje rammene fordelt ut, og samla var det oppgitt eit mindreforbruk på 11,734 mill. kr og 13,623 mill. kr for respektivt vann og avløp. Desse vart vidareført til 2017. I saka stod det også at:

*Det vil i løpet av høsten bli gjort en detaljering av investeringsmidlene slik at konkrete beløp blir knyttet opp mot aktuelle prosjekt.*

Budsjettkontrollen for 2. tertial vart lagt fram for bystyret i november. Saksutgreiinga hadde no ein eigen del om investeringane, der det stod følgjande:

*Virksomhetene har beregnet en årsprognose for 2017 på investeringsprosjekt inneværende år. Det er vedlagt en detaljert oversikt pr. prosjekt med stipulert status ved årets slutt (vedlegg 2).*

*Prognosen på investering viser et mindreforbruk 19,9 mill. kroner. Mye av mindreforbruket gjelder virksomhet VAR fordi det er forsinkelser med prosjektering og utbygging innenfor vannområdet.*

*Det har blitt jobbet med å detaljere budsjettet pr. prosjekt for virksomhetene VAP og VAR. Prognosen gir grunnlag for fordeling av de store budsjettpostene innenfor disse virksomhetene slik at budsjettet kan bli mer spesifisert til budsjettkontrollen pr. oktober.*

Til slutt i saka stod det:

*Investeringsrammen totalt vil holdes, men enkelte virksomheter går ut over sin ramme. Rådmannen og virksomhetene fortsetter arbeidet med detaljering pr. investeringsprosjekt som forhåpentligvis styrker virksomhetene sin økonomisk styring av prosjektene.*

Det vart lagt ved ei oversikt over ei prognose konkretisert ut på det einsskilde prosjekt, men som det går fram ovanfor var ikkje budsjettet fordelt ut på desse prosjekta.

Investeringsbudsjettet vart opphavleg lagt inn i rekneskapssystemet på to generelle postar. Dette var 68,2 mill. kr og 74,5 mill. kr på respektivt vann og avløp, som vart finansiert med bruk av lån på 45,4 mill. kr og 33,0 mill. kr respektivt. Dette inneber at det løyvde budsjettet blir det som står udekka.

Det var gjort budsjettendringar inne i rekneskapssystemet i oktober. For vann vart det fordelt ut 54,319 mill. kr på prosjekt med ei korrigering mot ein generell post på 31,519 mill. kr som gav eit budsjett på 22,8 mill. kr. For avløp vart det fordelt ut 74,5 mil kr som var korrigert med 33,0 mill. kr som gav 41,5 mill. kr.

Hovudtall for 2017:

	<b>Rekneskap 2017</b>	<b>Justert budsjett 2017</b>	<b>Opphavleg budsjett 2017</b>
Vann	36 376 826	22 800 000	22 800 000
Avløp	51 296 785	41 500 000	41 500 000
	<b>87 673 611</b>	<b>64 300 000</b>	<b>64 300 000</b>

Kjelde: Rekneskapssystemet

I alt vart det i 2017 investert for 87,674 mill. kr finansiert med lån innan VA. I dette ligg 0,399 mill. kr i ei for høg dekking av lån innan vann og eit fråtrekk på 2,398 mill. kr knytt til ulike refusjonar som ikkje var budsjettet. Dette gir eit meirforbruk på 23,374 mill. kr, eller 26,171 mill. kr om ein tek omsyn til dei ubudsjetterte inntektene og den for høge lånedekkinga.

I årsrekneskapen for 2017 vart rekneskapsskjema 2B satt opp som året før, men rammene var no fordelt ut på prosjekt. Det vart lista opp 76 prosjekt og 88 prosjekt som det var utgifter eller budsjett på for respektivt vann og avløp. For alle verksemdsområda stod det 79,855 mill. kr i unytta lånemidlar ved utgangen av 2017.

### Budsjettår 2018

Budsjettet for 2018 vart fordelt ut på prosjekt. I kommentardelen stod det følgjande:

*VAR-investeringene er ihht forrige økonomiplan, med unntak av Borgundfjordprosjektet. Rådmannen er klar over at der er en del forsinkelser i prosjektene, og rådmannen vil derfor ta en gjennomgang/opprydning ved 1. tertial 2018.*

Det vart også punktvis gitt korte kommentar til kvart prosjekt. Vi skal her gje att desse:

#### Rekneskap for 2017-2019:

	2019	2018	2017
3304 INTERN PROSJEKTERING	0	223 875	199 150
3416 GRAVING	0	0	31 899
3432 FORDELT LØNN	0	0	60 500
3434 ANLEGG - TILLEGGSARBEIDER	0	3 247 345	4 344 235
3461 HOVEDENTREPENØR	0	3 107 494	6 192 638
	<b>0</b>	<b>6 578 714</b>	<b>10 828 422</b>

Kjelde: Rekneskapssystemet

Samla nettoutgifter frå 2017 til 2018 var 17 407 136 kr. Innkjøpa til dette prosjektet var fordelt slik:

Intern faktura frå Utbygging	423 025
Norconsult AS	24 135
Svinø Entreprenør AS	16 870 082
Dolmen & Sønner AS	12 906
Intern faktura frå VA	60 500
Diverse leverandørar	16 489
	<b>17 407 136</b>

Kjelde: Rekneskapssystemet og manuelt arbeid

Utbyggingsavdeling har belasta dette prosjektet med 0,423 mill. kr. Entreprenøren har belasta prosjektet 16,870 mill. kr. Intern faktura frå VA gjeld berre året 2017.

Det var ikkje lagt inn eit opphavleg budsjett for 2017 og 2018. Som nemnt tidlegare vart det i løpet av 2017 arbeid med å konkretisere ut dei store rammeløyvingane innan VA, og det blir også konkretisert ut ei løyving til dette prosjektet.

#### Justert budsjett for 2017-2019:

	2019	2018	2017
3270 KONSULENTTJENESTER	0	0	7 000 000
3461 HOVEDENTREPENØR	0	0	10 000 000
	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>17 000 000</b>

Kjelde: Rekneskapssystemet

Budsjettet for 2017 var på 17 mill. kr og nettoutgiftene dette året vart 10,860 mill. kr. Dei unytta rammene vart ikkje overført til 2018, slik at utgiftene på 6,579 mill. kr stod udekka i 2018.



## 3.4 ÅSE

Prosjektet **1480: VA Åsebøen, Åsehaugen** har ei eiga arkivmappe *Ledningsnett – Åsebøen, Åsehaugen – Sanering VA* referert til som arkivsak 16/4205 i sakshandsamingssystemet ACOS. I alt er det arkivert 12 dokument på denne mappa. Av desse er 5 referat frå møte, medan dei andre gjeld informasjon og kommunikasjon. I eit informasjonsbrev av 27.06.16 står det:

*Ålesund kommune har igangsatt utskifting av kommunale vann- og avløpsledninger i Åsebøen.*

*Vannledningen fra Borgundvegen til Åsetorget har lekkasjer som følge av tæringsbrudd. I forbindelse med utskifting av vannledningen er det også planlagt å fornye avløpssystemet i området (avløp og overvann). I tillegg til strekningen fra Borgundvegen til Åsetorget vil også vann-, avløp og overvannsledningene fra Åsebøen 3 og østover mot Åsebøen 7 bli skiftet ut.*

*Nye ledninger her legges i hovedsak utenfor veg og parkeringsareal.*

På fellesområdet under prosjekt ligg det ei mappe *16-4205 Åsehaugen øvre og nedre* (707 filer og 294 mapper, i alt 1,01 GB). Under arkiv ligg det ei mappe *16-4205 Åsebøen* (352 filer og 89 mapper, i alt 245 MB).

Ein gjennomgang av *16-4205 Åsebøen* viser dokumentasjon på vernerunde, og ein god del bilete, gravemelding, grunneigarerklæringar og informasjonsbrev samt referat frå byggemøta. Mappa *Innkjøp og Anskaffelse* inneheld ikkje dokument. Mappa *Kontrakter og Oppfølging* inneheld 4 filer, der 2 gjeld SHA, 1 gjeld avrop på rammeavtalen *Graving og massestransport* med 60 000 kr i starten av 2018 og 1 gjeld oppdragsstadfesting med *Norconsult AS* vedkomande rådgivingstenester etter tid. Mappa *Økonomi og Fremdrift* inneheld hovudsakeleg kopiar av fakturaene, samt eit rekneark som skal gi fortløpande oversikt over det som vart betalt ut til dei ulike leverandørane.

Ein gjennomgang av *16-4205 Åsehaugen* viser ein god del dokumentasjon knytt til prosjektering og konkurransegjennomføring inkludert ein protokoll for oppdrag over 500 000 kr. I tillegg ligg der kopi av nokre fakturaer og eit rekneark som skal gi fortløpande oversikt over det som vart betalt ut til dei ulike leverandørane. Det ligg også nokre referat frå byggemøter, og elles er det ein god del malar som er lagt inn på dette området.

Vi har henta ut rekneskapen for dette prosjektet frå rekneskapssystemet, og framstilt det frå første bokføring i mai 2016 og fram til no:

**Rekneskap for 2016-2019:**

	2019	2018	2017	2016
3250 MATERIALKJØP TIL VEDLIKEHOLD/REHAB.	526 716	132 462	168 376	451 729
3304 INTERN PROSJEKTERING	1 660	1 660	0	0
3305 EKSTERN PROSJEKTERING	0	0	0	96 085
3322 SPESIELLE KOSTNADER - ANDRE ARBEIDER	0	0	1 466	0
3340 RIGG OG DRIFT AV RIGG	0	0	4 507	22 867
3341 FORBEREDENDE ARBEIDER	0	0	41 320	0
3404 RØRLEGGINGSARBEID INKL ARBEID MED KUMMER	63 325	4 988	47 219	134 830
3405 LEVERING AV KUMMER MED TILBEHØR	0	0	7 086	144 070
3406 LEVERING AV LEDNINGER	0	1 275	28 149	415 496
3417 MASSETRANSPORT	0	0	609	3 421
3424 VEGDEKKE	0	0	307 496	0
3425 GATEBELYSNING	0	0	4 791	3 475
3429 SKILTING OG MERKING	0	0	8 100	0

3432	FORDELT LØNN	0	0	35 200	71 880
3433	KJØP AV TJENESTER	0	0	0	104 290
3434	ANLEGG - TILLEGGSARBEIDER	0	0	0	1 254
3435	ANLEGG - ANDRE ARBEIDER	0	13 100	0	13 979
3461	HOVEDENTREPENØR	1 484 988	540 776	2 469 876	3 110 394
3477	ELEKTRISKE ANLEGG	0	0	0	499
		<b>2 076 689</b>	<b>694 262</b>	<b>3 124 196</b>	<b>4 574 269</b>

Kjelde: Rekneskapssystemet

Samla er det nytta 10,469 mill. kr til no i dette prosjektet. Innkjøpa til dette prosjektet var fordelt slik:

Norconsult AS	96 085
Blindheim Maskin & Transport AS	5 775 025
Veidekke Entreprenør AS	2 190 808
Svinø Entreprenør AS	13 100
Dolmen & Sønner AS	184 342
Webjørn Svendsen AS S	31 556
Rør 24 AS	7 758
Slamsug AS	68 875
NCC Industry AS	307 496
Ahlsell Norge AS	646 321
Brødrene Dahl AS	1 018 504
Optimera AS	206 735
Intern faktura frå VA	107 080
Intern faktura frå VAP	8 100
Intern faktura frå Bingsa	5 459
Diverse leverandørar	35 167
Feilføring	-232 995
	10 469 416

Kjelde: Rekneskapssystemet og manuelt arbeid

Norconsult AS har belasta prosjektet med 0,096 mill. kr og det gjeld prosjektering m.m.

Blindheim Maskin & Transport AS har belasta prosjektet med 5,775 mill. kr, Veidekke Entreprenør AS med 2 191 mill. kr og Svinø Entreprenør AS med 0,013 mill. kr. Kommunen har som tidlegare nemnt parallelle rammeavtalar vedkomande *Graving og massetransport*.

Det er vidare gjennomført ein del røyrleggjararbeid og kjøpt ein god del røyr. Utgifta til NCC Industry AS på 0,307 mill. kr gjeld asfaltering.

Det var ikkje lagt inn eit opphavleg budsjett for 2016-2019, men det vart konkretisert ut ei løyving til prosjektet i løpet av 2017.

#### Justert budsjett for 2016-2019:

	2019	2018	2017	2016
3404 RØRLEGGINGSARBEID INKL ARBEID MED KUMMER	0	0	1 300 000	0
3461 HOVEDENTREPENØR	0	0	1 800 000	0
	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>3 100 000</b>	<b>0</b>

Kjelde: Rekneskapssystemet

Budsjettet for 2017 var på 3,1 mill. kr og nettoutgiftene dette året vart 3,124 mill. kr. Det var ikkje budsjettet på dette prosjektet i 2018 og 2019, slik at utgiftene på respektivt 0,694 mill. kr og 2,077 mill. kr stod udekka.

Prosjektet **1728: Åsegardane Utbyggingsprosjekt** har ei eiga arkivmappe *Utbygging av Åsegardane Tekniske anlegg* referert til som arkivsak 17/6200 i sakshandsamingssystemet ACOS.

I alt er det arkivert 64 journalpostar på denne mappa. Den inneheld ein god del inngåande og utgåande kommunikasjon med dei andre partnarane i dette prosjektet, samt møtoreferat med dei og garantiar. Det ligg også ein del dokument knytt til utbyggingsavtalen, inkl. utrekning av bidraget og eit kostnadsoppsett, samt journalpostar knytt til tinglysing.

I mappa ligg det også eit signert avropsskjema med *Norconsult AS* og 5 dokument som vedkjem entreprenøren *Blindheim Maskin og Transport AS*, inkl. ei signert kontrakt. I denne kontakten går det fram eit tilbod på 40 208 000 kr eks mva. og at byggherre tek på seg både prosjektering og utføring, ei totalentreprise med andre ord.

Av avropsskjemaet med *Norconsult AS* går det fram at dei skal ha kontroll med anlegget si framdrift i hht. framdriftsplan og dei sette fristane, og at det er samsvar mellom faktureringsplan og faktisk framdrift.

Journalpostane som gjeld anskaffinga er arkivert på ei mappe *Anskaffelse – Prosjekt tekniske anlegg, boligfelt Åsegardane, 2019* med arkivsakid 19/400.

På fellesområdet under *Utbyggingsavtaler* ligg det ei mappe *17-6200 Åsegardane* (657 filer og 95 mapper, i alt 747 MB). Hovudsakleg ligg der teknisk dokumentasjon ,samt utbyggingsavtalen med og referat frå møter. Det ligg også ein del anbudsdokument og entreprenørkontrakten med kontraktgrunnlaget. Under mappa *Økonomi* ligg det berre eit rekneark som skal gi fortløpande oversikt over det som vart utbetalt til entreprenøren i tråd med anbodet.

Vi har henta ut rekneskapen for dette prosjektet frå rekneskapssystemet, og framstilt det frå første bokføring i november 2015 og fram til no:

#### Prosjektrekneskap frå 2015 til 2019:

	2019	2018	2017	2016	2015
3270 KONSULENTTJENESTER	261 519	1 044 101	89 110	11 210	105 489
3304 INTERN PROSJEKTERING	21 750	136 875	33 950	1 830	24 275
3308 GEBYR/AVGIFTER	350 900	525	0	0	0
3460 TOTALENTREPENØR	19 208 992	0	0	0	0
3650 SALGSINNTÆKTER, AVGIFTSPLIKTIGE	-7 500 984	0	0	0	0
3770 REFUSJON FRA ANDRE (PRIVATE)	-7 311 922	0	0	0	0
	5 030 255	1 181 501	123 060	13 040	129 764

Kjelde: Rekneskapssystemet

Samla nettoutgifter frå 2015 til 2019 var 6 477 620 kr. Innkjøpa til dette prosjektet var fordelt slik:

Intern faktura frå Utbygging	218 680
Norconsult AS	1 380 727
Sweco Norge AS	118 702
Blindheim Maskin & Transport AS	19 208 992
Gebyr (Ålesund kommune)	348 130
Longva oppmåling AS	12 000
Statens Kartverk	3 295
Anleggsbidrag	14 812 906
	6 477 620

Kjelde: Rekneskapssystemet og manuelt arbeid

Samla bruttoutgifter var 21 290 526 kr, som med eit anleggsbidrag på 14 812 906 gir nettoutgiftene.

Utbyggingsavdeling har belasta dette prosjektet med 0,219 mill. kr. *Norconsult AS* har belasta 1,381 mill kr knytt til prosjektering m.m., medan *Sweco Norge AS* har utfakturert 0,119 mill. kr vedkomande sakshandsaming av utbyggingsavtalane. *Blindheim Maskin & Transport AS* har belast prosjektet 19,209 mil. kr.

### 3.5 RAMMEBUDSJETT

#### Prosjekt 1428: Utsifting av kummer/ventiler

##### Rekneskap for 2015-2019:

	2019	2018	2017	2016	2015
3230 REHABILITERING	0	0	0	0	106 750
3401 GRØFTEARBEIDER INKL OMFYLLING AV RØR	307 252	36 560	508 111	1 696 083	1 174 188
3404 RØRLEGGINGSARBEID INKL ARBEID MED KUMMER	710 422	38 278	0	128 493	0
3405 LEVERING AV KUMMER MED TILBEHØR	97 542	161	71	92 084	16 489
3406 LEVERING AV LEDNINGER	730	7 966	207 161	902 361	405 316
3417 MASSETRANSPORT	4 395	0	0	0	0
3432 FORDELT LØNN	0	0	69 900	354 520	0
3435 ANLEGG - ANDRE ARBEIDER	0	0	44 150	0	0
3461 HOVEDENTREPENØR	44 075	0	0	0	0
	<b>1 164 417</b>	<b>82 964</b>	<b>829 393</b>	<b>3 173 541</b>	<b>1 702 743</b>

Kjelde: Rekneskapssystemet

Det har blitt nytta i alt 6,953 mill. kr for åra frå 2015 til 2019 til dette prosjektet.

##### Opphavlege budsjett for 2015-2019

	2019	2018	2017	2016	2015
3401 GRØFTEARBEIDER INKL OMFYLLING AV RØR	250 000	0	0	0	0
	<b>250 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Kjelde: Rekneskapssystemet

I budsjettet for 2019 er dette prosjektet nemnt slik: *Vann – Utsifting av kummer, brannventiler: 0,5 mill. kroner i 2019.*

##### Justert budsjett for 2015-2019

	2019	2018	2017	2016	2015
3401 GRØFTEARBEIDER INKL OMFYLLING AV RØR	250 000	0	0	0	0
3406 LEVERING AV LEDNINGER	0	0	1 500 000	0	0
	<b>250 000</b>	<b>0</b>	<b>1 500 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Kjelde: Rekneskapssystemet

Dette prosjektet hadde eit budsjett i 2019 på 0,250 mill. kr, og det vart nytta 1,164 mill. kr.

#### Prosjekt 1526: Rehabilitering Pumpestasjoner

##### Rekneskap for 2015-2019:

	2019	2018	2017	2016	2015
3201 KJØP AV UTSTYR	0	0	97 140	0	0
3210 KJØP AV TRANSPORTMIDLER	1 048 500	0	878 272	0	0
3230 REHABILITERING	0	0	0	0	38 018
3404 RØRLEGGINGSARBEID INKL ARBEID MED KUMMER	0	0	0	87 810	12 712
3406 LEVERING AV LEDNINGER	0	522	0	0	0
3412 PUMPEINSTALLASJON	1 713 438	430 404	711 266	1 110 698	625 784
3415 REHABILITERING AV RØR	305 127	113 111	0	57 500	25 023
3416 GRAVING	0	0	289 883	105 774	0
3424 VEGDEKKE	0	0	0	28 936	0
3431 MASKINUTRUSTING	127 734	60 633	0	0	0
3433 KJØP AV TJENESTER	0	0	0	0	113 575
3461 HOVEDENTREPENØR	0	0	0	43 821	0
3473 INVENTAR OG UTSTYR	0	93 242	0	61 837	0

3474	SANITÆR- OG VARMEANLEGG	0	0	53 372	130 108	0
3475	LUFTBEHANDLINGSANLEGG	0	61 470	0	69 370	0
3476	AUTOMATIKKANLEGG	72 087	140 700	105 136	52 750	162 792
3477	ELEKTRISKE ANLEGG	41 415	79 424	221 628	277 979	298 816
		<b>3 308 301</b>	<b>979 505</b>	<b>2 356 698</b>	<b>2 026 584</b>	<b>1 276 720</b>

Kjelde: Rekneskapssystemet

Det har blitt nytta i alt 9,948 mill. kr for åra frå 2015 til 2019 til dette prosjektet.

#### Opphavlege budsjett for 2015-2019:

	2019	2018	2017	2016	2015
3412 PUMPEINSTALLASJON	3 000 000	0	0	0	0
	<b>3 000 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Kjelde: Rekneskapssystemet

I budsjettet for 2019 er dette prosjektet nemnt slik: *Avløp – Fornyng og ombygging av pumpestasjoner: 3 mill. kroner i 2019.*

#### Justert budsjett for 2015-2019:

	2019	2018	2017	2016	2015
3412 PUMPEINSTALLASJON	3 000 000	0	3 500 000	0	0
	<b>3 000 000</b>	<b>0</b>	<b>3 500 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Kjelde: Rekneskapssystemet

Dette prosjektet hadde eit budsjett i 2019 på 3,000 mill. kr, og det vart nytta 3,308 mill. kr.

### Prosjekt 1552: Rehabilitering Ledningsnett VA

#### Rekneskap for 2015-2019:

	2019	2018	2017	2016	2015
3201 KJØP AV UTSTYR	0	0	97 140	470 654	0
3210 KJØP AV TRANSPORTMIDLER	0	0	916 901	0	0
3234 KJØP AV EKSTERNE TJENESTER	1 535	0	0	0	0
3250 MATERIALKJØP TIL VEDLIKEHOLD/REHAB.	46 072	3 805	0	0	8 982
3270 KONSULENTTJENESTER	0	72 025	0	0	37
3305 EKSTERN PROSJEKTERING	6 801	0	0	0	0
3401 GRØFTEARBEIDER INKL OMFYLLING AV RØR	422 063	231 821	964 118	0	10 833
3404 RØRLEGGINGSARBEID INKL ARBEID MED KUMMER	45 012	305 868	190 280	32 469	148 006
3405 LEVERING AV KUMMER MED TILBEHØR	5 034	20 545	387 324	0	0
3406 LEVERING AV LEDNINGER	155 322	47 699	41 260	13 102	16 704
3412 PUMPEINSTALLASJON	38 437	0	0	0	0
3415 REHABILITERING AV RØR	310 384	0	0	941 178	0
3416 GRAVING	170 062	1 074 411	88 157	316 261	39 849
3417 MASSETRANSPORT	0	9 510	5 046	0	0
3424 VEGDEKKE	0	89 875	0	5 250	52 714
3461 HOVEDENTREPENØR	0	0	41 450	410 424	0
3473 INVENTAR OG UTSTYR	0	0	0	0	62 050
	<b>1 200 721</b>	<b>1 855 559</b>	<b>2 731 676</b>	<b>2 189 338</b>	<b>339 175</b>

Kjelde: Rekneskapssystemet

Det har blitt nytta i alt 8,392 mill. kr for åra frå 2015 til 2019 til dette prosjektet.

#### Opphavlege budsjett for 2015-2019:

	2019	2018	2017	2016	2015
3461 HOVEDENTREPENØR	86 500 000	40 000 000	0	0	0
	<b>86 500 000</b>	<b>40 000 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Kjelde: Rekneskapssystemet

I budsjettet for 2019 er dette prosjektet nemnt slik: *Vann og avløp: Ledningsfornyng og separering: 80 mill. kroner hvert av årene i økonomiplanen, fordelt 50/50 på vann og avløp*

**Justert budsjett for 2015-2019:**

	2019	2018	2017	2016	2015
3270 KONSULENTTJENESTER	0	-6 938 000	0	0	0
3401 GRØFTEARBEIDER INKL OMFYLING AV RØR	0	0	2 000 000	0	0
3461 HOVEDENTREPENØR	98 338 000	36 323 000	0	0	0
	<b>98 338 000</b>	<b>29 385 000</b>	<b>2 000 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Kjelde: Rekneskapssystemet

Dette prosjektet hadde eit opphavleg budsjett på 86,5 mill. kr. Etter overføring av unytta midlar frå 2018 til 2019 var budsjett for 2019 på 98,338. mill. kr. Det vart nytta 1,200 mill kr.

**Prosjekt 1733: Ledningsnett VANN****Rekneskap for 2018-2019:**

	2019	2018
3201 KJØP AV UTSTYR	0	28 645
3234 KJØP AV EKSTERNE TJENESTER	340 320	0
3270 KONSULENTTJENESTER	79 110	0
3305 EKSTERN PROSJEKTERING	6 800	0
3401 GRØFTEARBEIDER INKL OMFYLING AV RØR	758 224	0
3404 RØRLEGGINGSARBEID INKL ARBEID MED KUMMER	7 010	70 330
3405 LEVERING AV KUMMER MED TILBEHØR	473 772	7 741
3406 LEVERING AV LEDNINGER	209 003	34 526
3417 MASSETRANSPORT	145 490	0
3424 VEGDEKKE	64 789	0
3433 KJØP AV TJENESTER	15 750	0
3461 HOVEDENTREPENØR	1 383 927	266 766
	<b>3 484 193</b>	<b>408 007</b>

Det har blitt nytta i alt 3,892 mill. kr for åra frå 2018 til 2019 til dette prosjektet.

Det vart ikkje lagt inn eit opphavleg budsjett for 2018 og 2019.

**Justert budsjett for 2018-2019:**

	2 019	2 018
3201 KJØP AV UTSTYR	1 000 000	0
	<b>1 000 000</b>	<b>0</b>

Dette prosjektet har ikkje hatt eit opphavleg budsjett. Etter overføring av unytta midlar frå 2018 til 2019 vart budsjett for 2019 på 1,000 mill. kr. Det vart nytta 3,484 mill. kr i 2019.

**Prosjekt 1547: NoDig Renovering VA****Rekneskap for 2015-2019:**

	2019	2018	2017	2016	2015
3404 RØRLEGGINGSARBEID INKL ARBEID MED KUMMER	0	0	0	0	1 002 746
3406 LEVERING AV LEDNINGER	0	0	0	2 178 345	461 231
3415 REHABILITERING AV RØR	0	0	1 739 366	0	0
3461 HOVEDENTREPENØR	0	0	0	0	0
	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1 739 366</b>	<b>2 178 345</b>	<b>1 463 977</b>

Kjelde: Rekneskapssystemet

Det har blitt nytta i alt 5,382 mill. kr for åra frå 2015 til 2017 til dette prosjektet.

Det vart ikkje lagt inn eit opphavleg budsjett for 2015 til 2019.

**Justert budsjett for 2015-2019:**

	2019	2018	2017	2016	2015
3415 REHABILITERING AV RØR	0	0	4 000 000	0	0
	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>4 000 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Kjelde: Rekneskapssystemet

Dette prosjektet er knytt til ein rammeavtale med ein leverandør *Olimb Rørfornyning AS*. Når det gjeld dei fire andre prosjekta har vi satt opp ein tabell over leverandørane:

<b>1428: Utskifting av kummer/ventiler</b>	
Intern faktura frå VAP	3 942 563
Intern faktura frå VA	531 170
Intern faktura frå Bingsa	2 392
Blindheim Maskin & Transport AS	38 494
Svinø Entreprenør AS	389 462
Ufo Entreprenør AS	86 543
Veidekke Industri AS	28 038
Ahlsell Norge AS	174 000
Brødrene Dahl AS	1 467 084
Optimera AS	77 488
Dolmen & Sønner AS	166 771
Slamsug AS	44 150
Diverse	4 901
	<b>6 953 056</b>

<b>1733: Ledningsnett VANN</b>	
Intern faktura frå VAP	753 134
Intern faktura frå Bingsa	3 280
Blindheim Maskin & Transport AS	849 510
Svinø Entreprenør AS	1 026 508
Veidekke Entreprenør AS	130 797
Veidekke Industri AS	125 002
NCC Industry AS	64 789
Ahlsell Norge AS	655 263
Brødrene Dahl AS	330
Optimera AS	33 611
Dolmen & Sønner AS	7 010
Rør 24 AS	70 330
Slamsug AS	15 750
Energima Ålesund AS	57 290
Asplak Viak AS	59 910
Diverse	39 686
	<b>3 892 200</b>

<b>1526: Rehabilitering Pumpestasjoner</b>	
Intern faktura frå VAP	41 648
Xylem Water Solutions AS	3 462 086
Grundfos Pumper AS	106 082
Svinø Entreprenør AS	395 657
Ufo Entreprenør AS	156 676
Bratvaag Electro AS	1 433 682
Ahlsell Norge AS	9 788
Brødrene Dahl AS	54 527
Optimera AS	338
Dolmen & Sønner AS	269 906
Slamsug AS	554 972
ServiTech AS	491 912
Guard Automation AS	212 787
Møre Control AS	168 759
Marinequip AS	97 610
KZ Handles AS	93 242
Axflow AS	87 810
Reidar Stokke AS	72 220
Rørtek AS	68 160
Bertel O. Steen AS	1 926 772
Ferd Båt AS	97 140
Diverse	146 034
	<b>9 947 808</b>

<b>Prosjekt 1552: Rehabilitering Ledningsnett VA</b>	
Intern faktura frå VAP	827 757
Olimb Rørfornyning AS	941 178
Blindheim Maskin & Transport AS	1 773 452
Svinø Entreprenør AS	929 012
Ufo Entreprenør AS	439 416
Veidekke Entreprenør AS	585 798
NCC Roads AS	95 126
Braute Maskin AS	75 256
Ahlsell Norge AS	392 209
Brødrene Dahl AS	93 625
Optimera AS	52 471
Dolmen & Sønner AS	1 738
Rørleggersentralen AS	152 888
Dipl.ing. Houm AS	291 004
Aquatools AS	179 650
Vekttertjenesten AS	161 288
Uniteam Vest AS	62 050
Xylem Water Solutions AS	38 437
Gresu AS	154 348
Yapril AS	72 025
Bertel O. Steen AS	916 901
Ferd Båt AS	97 140
Diverse	58 983
	<b>8 391 752</b>

Kjelde: Rekneskapssystemet og manuelt arbeid

## 4. REVISJONSKRITERIER

Norsk Standard har gitt ut ein internasjonal standard *NS-ISO 21500:2012 Veiledning i prosjektledning* som beskriv dei prosesser som er å sjå på som god praksis innanfor prosjektleiing. Standarden angir at den kan nyttast av alle organisasjonar, offentlege, private eller frivillige, og for alle prosjekter uavhengig av kompleksitet, størrelse og varigheit.

Prosessane som det blir referert til, er grupperte i prosessgrupper og kunnskapsområde, og standarden har i alt 39 prosesser som blir tilrådd.

Vår inndeling av problemstillinga frå b) til e) følger til ein viss grad standarden sine hovudkategoriar av prosessgruppene. Nokre av standarden sine tilrådingar vil bli konkretisert.

Der ikkje anna er nemnt, er det krav frå ISO som ligg til grunn for krava vi lister opp under.

### 4.1 KOSTNADSOVERSLAG

Årsbudsjettet er ein bindande plan for kommunen sine midlar og på kva måte dei skal bli nytta, jmf. kommunelova § 14-5 1. ledd. Vidare går det fram av § 14-4 3. ledd at årsbudsjettet skal vere realistisk. Det gjeld både drift og investering, slik at investeringsbudsjettet er eittårig.

**Kommunen bør utarbeidde eit prosjektbudsjett som grunnlag for budsjettvedtaket.** Dei ulike investeringsprosjekta slik dei blir ført opp i årsbudsjett er ei konkretisering av ei løyving. Det å tilordne dei planlagde delar av prosjektarbeidet til eit tidsbasert budsjett, gir hjelp til å måle framdrift og ansvarleggjere. Eit godt prosjektbudsjett bygg på prosjektplanar, ei god inndeling i delprosjekt og gode kostnadsoverslag. Det å utarbeidde eit kostnadsoverslag inneber å kalkulere kostnadane som er involvert på ein forsvarleg måte. I dette ligg at det også blir lagt til reservar som skal handtere identifisert risiko. Ein må også ta omsyn til pengane sin tidsverdi.

### 4.2 OPPSTARTSFASEN

**Kommunen bør formalisere eit prosjektmandat,** der ein formelt godkjenner eit prosjekt, identifiserer prosjektleiaren og denne sitt ansvar og mynde. Vidare at ein i dette mandatet dokumenterer behov, prosjektet sitt mål, leveransane og økonomiske aspekt ved prosjektet.

**Kommunen bør etablere ei prosjektgruppe.** Det inneber å skaffe dei personar som er nødvendige for å fullføre prosjektet. Når menneskelege ressursar ikkje er tilgjengeleg internt i organisasjonen, bør ein vurdere å leige inn ekstra personar eller sette ut arbeid til ein annan organisasjon. Prosjektleiaren kan eller kan ikkje ha fullstendig styring med val av prosjektgruppa sine medlemmar, men prosjektleiaren bør vere involvert i utveljinga av dei.

**Kommunen bør identifisere interessentar.** Ei interessentanalyse inneber å finne enkeltpersonar, grupper eller organisasjonar som blir påverka av eller som påverkar prosjektet, samt å dokumentere relevant informasjon om dette. Eit kommunalt investeringsprosjekt har grenseflater mot ulike statlege og regionale styresmakter, eigne tenesteytande og myndautøvande einingar, samt ulike grupper av innbyggjarar og bedrifter.



### 4.3 PLANLEGGING

Kommunedirektøren bør sørge for at alle investeringsprosjekt har vore gjenstand for ei god planlegging. Dette er eit krav avleidd frå eit generelt krav om at kommunedirektøren skal sørge for kommunen har ein god internkontroll, jmf kommunelova § 25-1.

ISO-standarden identifiserer kva som ligg i ei god planlegging av gjennomføring av eit investeringsprosjekt. Følgjande punkt er allment anerkjende prinsipp for ei god planlegging:

- *Definere omfang*, inneber å tydeleggjere kva prosjektet omfattar og kva nytte det vil gi innbyggjarane.
- *Utarbeide prosjektnedbrytingsstruktur*, inneber å dele og underindele prosjektarbeidet i mindre og meir handterlege deler, og kan til dømes vere strukturert i prosjektfasar, store leveransar, fag og plassering.
- *Definere aktivitetar*, inneber å identifisere, definere og dokumentere alle aktivitetar som bør vere i planen.
- *Kalkulere ressursar*, inneber å finne ut kva for ressursar ein treng for kvar aktivitet. Ressursar kan omfatte arbeidskraft, fasilitetar, utstyr, materiell, infrastruktur og verktøy.
- *Sette opp rekkefølge av aktivitetar*, inneber å identifisere og dokumentere dei logiske relasjonane mellom prosjektaktivitetane.
- *Kalkulere aktivitetar sin varigheit*, inneber å angi den tid det tar å fullføre dei definerte aktivitetane i prosjektet. Kor lang tid ein aktivitet tar, avheng av tilgjengelege ressursar, relasjonen mellom aktivitetar, kapasitet, planleggingskalendrar, lærekurver og administrativ behandling.
- *Definere prosjektorganisasjon*, inneber å sikre nødvendige forpliktingar frå dei involverte. Relevante roller, ansvar og mynde, bør vere definert i samsvar med prosjektet sin eigenart og kompleksitet, og bør ta omsyn til eksisterande retningslinjer.

Kor omfattande ei planlegging må vere, avheng naturlegvis av kor omfattande og komplekst investeringsprosjektet er. Alle investeringsprosjekt bør likevel ha ein prosjektplan, ein framdriftsplan, ei risikoanalyse og ein anskaffingsplan for å sikre ein trygg kontroll.

**Alle investeringsprosjekt bør ha ein prosjektplan.** Prosjektplanen skal angi basislinjene for gjennomføring av prosjektet, til dømes i form av omfang, kvalitet, kostnader, ressursar og risikoar. Alle deler av prosjektplanen bør være konsistente og fullstendig integrerte.

**Alle investeringsprosjekt bør ha ein framdriftsplan.** Framdriftsplanen skal angi start- og sluttid for prosjektet sine aktivitetar og fastlegge basislinja for prosjektet sin samla tidsplan. Aktivitetane skal tidfestast i ei logisk rekkefølge som identifiserer varigheiter, milestein og gjensidig avhengigheit. Ein framdriftsplan gir hjelp til å evaluere faktisk framdrift. Utvikling av framdriftsplanen bør fortsette gjennom heile prosjektet etterkvart som arbeidet går framover, etterkvart som prosjektplanane blir endra, etterkvart som forventade risikohendingar oppstår eller forsvinn, og etterkvart som nye risikoar blir identifisert.

**Alle investeringsprosjekt bør ha ei risikoanalyse.** Risikoanalysen skal identifisere og vurdere risikoar. Det å *identifisere risikoar*, er å systematisk kartleggje dei potensielle risikohendingar, som kan ha ein positiv eller negativ innverknad på prosjektet om dei oppstår. Dette er ein prosess som ein kan

gjenta, då nye risikoar kan bli kjende, eller risikoar kan endre seg etterkvart som prosjektet utviklar seg. Risikoar med ein potensiell negativ innverknad blir omtalt som *truslar*, medan risikoar med ein potensiell positiv innverknad blir omtalt som *moglegheiter*. Det å *vurdere risikoar*, er å måle og prioritere risikoane for ytterlegare tiltak. Denne prosessen inkluderer at ein for ei risikohending angir eit anslag på kor sannsynleg det er at den skjer og kva for konsekvens det vil gi. Risikoane vil då bli prioritert i samsvar med denne vurderinga ut frå omsyn til andre faktorar, som til dømes tidsramme. Risikovurdering er også ein gjentakande prosess.

**Alle investeringsprosjekt bør ha ein anskaffingsplan.** Anskaffingsplanen skal dokumentere anskaffingsstrategien og generell prosess med å gjennomføre anskaffingane i tråd med regelverket for offentlege anskaffingar. Det er tideleg i anskaffingsprosessen ein kan påverke anskaffinga mest, og grunnlaget for ei vellukka anskaffing blir lagt i planlegginga.

**Alle investeringsprosjekt bør ha utarbeidd eit nytt prosjektbudsjett i planleggingsfasen.** Det å vedlikehalde realistiske budsjetter er viktig. Det er rimeleg å forvente ein større grad av presisjon i denne fasen enn i tidlegfasen før det har blitt fatta eit endeleg vedtak.

#### 4.4 OPPFØLGING

**Prosjektleiaren bør leie** dei planlagde prosjektaktivitetane og styre dei ulike tekniske, administrative og organisatoriske grensesnitt i prosjektet, med sikte på å fullføre prosjektet sine aktivitetar i samsvar med prosjektplanen. I dette ligg å sørge for å ha god informasjon om prosjektet, analysere informasjonen og gjere avgjersler. Ein del av dette er å innhente ekspertråd, nytte gode IT-baserte prosjektleiingssystem og gjennomføre møter.

**Prosjektleiaren bør styre endringar** i prosjektet og leveransane, samt å formalisere godkjenning eller avvising av desse endringane. Endringar bør bli styrt gjennom prosedyrar.

**Prosjektleiaren bør styre prosjektet sitt omfang.** Denne prosessen bør fokusere på å bestemme det nåverande prosjektomfanget, å samanlikne det nåverande omfanget med omfanget frå godkjent basislinje for å fastslå eventuelle avvik, føresjå omfanget og implementere eventuelle passande endringsforslag for å unngå at omfanget bli påverka negativt. Endringsstyring og omfangsstyring er to forskjellige prosessar.

**Prosjektleiaren bør styre ressursar.** I dette ligg det å sikre at ressursane til å gjennomføre prosjektarbeidet er tilgjengelege. Manglande tilgang på ressursar kan oppstå som følgje av uunngåelege omstende som feil på utstyret, veret, arbeidskonfliktar eller tekniske problem. Dette kan krevje omlegging av aktivitetar som fører til ei endring av ressurskrava for gjeldande eller påfølgjande aktivitetar. Ein bør etablere prosedyrar for å identifisere slike manglar, som legg til rette for å omprioritere ressursane.

**Prosjektleiaren bør handtere interessentar.** I dette ligg det å gi riktig forståing av og merksemd til interessentane sine behov og forventningar. Dette omfattar aktivitetar som til dømes å identifisere interessentane sine spørsmål og å løyse problem.

**Prosjektleiaren bør styre framdriftsplan.** I dette ligg det å overvake avvik i tidsplanen og treffe egna tiltak. Denne prosessen bør fokusere på å fastslå gjeldande status for prosjektet sin tidsplan ved å samanlikne den med tidsplanen si godkjente basislinje slik at eventuelle avvik kan bli fastslått, ferdigdatoar blir føresagt, og alle aktuelle tiltak blir implementert for å unngå uheldige innverknad på

tidsplanen. Alle endringar av basislinja sin tidsplan bør bli administrert i samsvar med endringsprosessen. Prognoser over prosjektet sitt avslutningstidspunkt bør bli utvikla ved jamne og bli oppdatert basert på tidlegare trendar og ny kunnskap.

**Prosjektleiaren bør styre handtere og styre risikoar.** Det å handtere risikoar er å utvikle alternativ og finne tiltak for å forbetre moglegheitene og redusere truslane for måla i prosjektet.

Risikoreduserande tiltak er tiltak for å unngå risikoen, redusere risikoen, hindre risikoen eller utvikle ein beredskapsplan. Det å styre risikoar er å minimere avbrott i prosjektet ved å fastslå om dei risikoreduserande tiltaka er utførte, og om dei har ønska effekt.

**Prosjektleiaren bør gjennomføre kontraktsoppfølging.** I dette ligg det å styre relasjonen mellom kjøper og leverandør. Det omfattar å overvake og gjennomgå leverandørane sine ytingar og å treffe tiltak for å sikre at krava i kontaktane blir oppfylt. Denne prosessen startar med at kontrakt dokumenta blir skrivne ut, og sluttar med at kontraktane blir fullført.

**Prosjektleiaren bør gjennomføre budsjettoppfølging og styre kostnader.** I dette ligg det å overvake kostnadsavvik og treffe eigna tiltak. For å unngå ugunstig innverknad på kostnader bør denne prosessen fokusere på å bestemme status for nåverande prosjektkostnad, samanlikne den med basislinjekostnadene for å fastslå eventuelle avvik, anslå kostnader ved fullføring og implementere alle aktuelle førebyggjande eller korrigerande tiltak. Alle endringar i basislinja sine kostnader bør styres i samsvar med endringsprosessen. Avvik kan oppstå frå dårleg planlegging, uføresette endringar i omfang, tekniske problem, feil på utstyret eller andre eksterne faktorar, til dømes problem hos leverandøren. Uavhengig av årsak krev det korrigerande tiltak, enten ei endring i basislinja for kostnader eller utvikling av ein kortsiktig plan for oppretting.

**Kommunen bør rapportere om kostnadsutviklinga til kommunestyret.** Kommunelova § 14-5 om årsbudsjettet sin bindande verknad og budsjettstyring angir i 3. ledd at kommunen: *skal minst to ganger i året rapportere til kommunestyret om utviklingen i inntekter og utgifter, sammenholdt med årsbudsjettet. Hvis utviklingen tilsier vesentlige avvik, skal kommunedirektøren foreslå endringer i årsbudsjettet.* Dette krev at det for alle investeringsprosjekt som eit minimum, må vere to budsjettoppfølgingar i året, og at desse også blir lagt fram for kommunestyret.

#### 4.5 AVSLUTNING

**Kommunen bør gjere ei formell avslutning av eit investeringsprosjekt.** I dette ligg å verifisere at alle aktivetar er fullført, samle alle prosjektdokument og arkivere dei i samsvar med krav.

**Kommunen bør gjere ei evaluering av eit gjennomført investeringsprosjekt,** som blir nedfelt i eit erfaringsdokument. Dette for å samle lærdom til nytte for framtidige prosjekter.

**Kommunen bør utarbeide ein avslutningsrapport for eit gjennomført investeringsprosjekt.** I dette ligg m.a. å utarbeide ein prosjektrekneskap som også gir god oversikt over løyvingane. I økonomireglementet vedteke av bystyret 22.11.18 i sak 135/18, vidareført i reglement for nye Ålesund kommune, står det også at:

*Ved investeringsprosjekt større enn 15 mill. kroner skal ein legge fram prosjektrekneskap til kommunestyret for godkjenning. Prosjektrekneskap for investeringsprosjekt over 100 mill. kroner skal i tillegg attesterast av revisor.*

## 5. FAKTAGRUNNLAG

Dei investeringsprosjekt som vi har retta fokus mot i denne rapporten, er gjerne knytt til eit overordna planverk i form av hovudplanar. I kapittel 1.5 gir vi ei kort oversikt over dette overordna planverket, og det ligg meir omfattande informasjon i vedlegg.

Ålesund kommune har ei målsetting om å fornye 1,5 % av vann- og avløpsleidningane kvart år. Det inneber ei langsiktig målsetting om at leidningane blir fornya kvart 67 år. I kapittel 1.6 har vi framstilt statistikk frå KOSTRA for åra 2007 til 2019 som viser at det i denne perioden er fornya 0,57 % og 0,68 % for respektivt vann og avløp. Ei langsiktig fornyingstakt som i denne perioden, inneber at leidningane blir fornya kvart 175 år og 147 år for respektivt vann og avløp. Ein kan har nemne at maksimal avskrivningstid er satt til 40 år i sjølvkostrekneskapen. I den årlege nasjonale undersøkinga *betre Vann* kjem også kommunen dårleg ut, med ein sistede plass for tenesta avløp.

Ålesund kommune har også ei målsetting om å minimere overløp. Dette er konkretisert til at mengda overløp per år i høve til samla avløpsmengde skal vere mindre enn 5 %. Slik vi har oppfatta det har ikkje Ålesund kommune oversikt over omfanget av overløp per år. Det er også ei målsetting at alle direkteutslepp skal sanerast, og i utsleppsløvet er det stilt krav om fristar som ikkje har blitt overhalde. Slik vi har oppfatta det har kommunen i liten grad sanert desse per i dag.

Ålesund kommune har utarbeidd ein overordna saneringsplan som gir status på leidningsnett og vurderer ytinga til det. Planen angir ei prioritering av soner for sanering. Prioriterte områder for avløpsnett er i denne planen satt som styrande, då det er størst utfordringar knytt dette. Det er difor teke utgangspunkt i viktige område for avløpsnett med ei utviding av sona for å inkludere også viktige områder for leidningsnett til vann. I arbeidet med overordna saneringsplan er det lagt til grunn at det seinare vil bli utarbeidd detaljerte saneringsplanar for dei identifiserte sonene. Vi er ikkje kjend med at det er utarbeid slike detaljerte saneringsplanar.

I kapittel 1.7 har vi kort gjort greie for organiseringa innan VA. Det er hovudsakleg tilsette i utbyggingsavdelinga som har prosjektleiaransvaret for å få gjennomført eit investeringsprosjekt. I vår gjennomgang av dei sentral styringsdokumenta innan VA, er kapasitet fleire stader eit tema. Revisjonen av hovudplanane i 2006 stoppa opp på grunn av kapasitetsproblem, og dei kom ikkje på plass før 2011 for avløp og i 2014 for vann. I hovudplanen for vann i 2014 vart det etablert ei målsetting om: *å fornye og utskifte 1 % av leidningane per år*, men det vart presisert at: *På grunn av manglande kapasitet kunne dette målet vere vanskelig å nå på kort sikt.*

I eit internt budsjettnotat for 2015 vedkomande *Utbygging* går det fram at:

*En økning av kapasitet er nødvendig og ønskelig for å kunne ta unna en del av etterslep på prosjektering samtidig som en bygger opp egen kompetanse. Konsulentmarkedet i regionen har heller ikke kapasitet til å ta unna for behovet.*

I budsjettet for 2018 går det fram at: *Kapasiteten til planlegging og prosjektering økes.*

I eit intern notat av september 2019 vedkomande tertialrapportane går det fram at:

*Hos virksomheten vann, avløp og renovasjon er fornyingstakten på ledningsnett for lav. Manglende kapasitet innenfor planlegging gjør at virksomheten sliter med å imøtekomme*

*kravene i driftsavtalen på bl.a. fornyingstakt og fjerning av direkteutslipp. VAR vil som tiltak øke innleie av eksterne konsulenter for å bedre kapasiteten*

Prosesskartet, som vi har omtala i kapittel 1.8 vedkomande LEAN prosjektet gir den overordna strukturen for dei rutinane som er utvikla for å sikre ei god gjennomføring av investeringsbudsjettet. I dette prosjektet vart det utvikla ein mal i form av mapper og filer som blir kopiert inn på eit fellesområde. På dette fellesområdet ligg det arkivinformatjon om rundt 200 prosjekt fordelt på mappene 2 *Prosjekt*, 3 *Utbyggingsavtaler* og 6 *Arkiv*. Dette nye settet av malar med mapper og filer erstattar ein eldre mal, og er meir detaljert enn denne.

I kapittel 2 har vi framstilt ein gjennomgang av investeringsbudsjettet frå 2014 og fram til i dag. Ein meir detaljert gjennomgang ligg elles som vedlegg for den som ønskjer å skaffe seg eit nokolunde komplett bilete av den informasjon som er gitt til politikarane og innbyggjarane vedkomande investeringsbudsjettet innan VA dei siste åra.

Vår gjennomgang viser at fram mot budsjettprosessen i 2017 vart det budsjettert med ei investeringsramme fordelt på vann og avløp. Desse rammene var knytt til kvar sin hovudplan. Det var ein budsjettjusteringssak i midten av 2016 der avløp auka si ramme som følgje av at innmeldt behov var større enn vedteke budsjett. Vidare var det ein budsjettjusteringssak seint i 2017 der ein reduserte rammene som følgje av forseinkingar. I denne perioden vart det ikkje overført unnytta lånemidlar frå året før.

Budsjettet for 2017 vart også lagt fram for bystyret med rammeløyvingar og korte kommentarar. I forkant av budsjettprosessen ser ein likevel at interne dokument gir ein viss grad av detaljert informasjon ved at det vart fastsett eit handlingsprogram for både vann og avløp. Ved den politiske behandlinga av budsjettet kravde bystyret meir informasjon, og det vart gitt omfattande informasjon før rammene vart fastsett med vedtak. Etter dette har det vore arbeid med å detaljere ut investeringsbudsjett både i budsjettdokumentet og i rekneskapssystemet. Vidare at det ved tertialrapportering no også blir rapportert på investeringane, samt at dei unytta lånemidlane frå året før no blir overført.

Konkretiseringa av eit investeringsbudsjett skal settast opp med bruttoutgifter. Vi har satt opp ein tabell over brutto investeringsutgifter for åra frå 2014 til 2019.

#### **Brutto investeringsutgifter innan VA for åra frå 2014 til 2019:**

	2019	2018	2017	2016	2015	2014
Bruk av lån	78 744 365	94 417 665	87 673 611	103 043 543	100 572 856	105 207 906
Refusjoner	26 599 961	5 752 570	2 397 813	1 599 324	4 494 660	2 856 623
For mye dekket	496 222	683 647	399 112	0	0	0
<b>Brutto investeringsutgifter</b>	<b>105 840 548</b>	<b>100 853 882</b>	<b>90 470 536</b>	<b>104 642 867</b>	<b>105 067 516</b>	<b>108 064 529</b>

*Kjelder: Rekneskapssystemet*

Ein ser av tabellen at brutto investeringsutgifter ligg på i overkant av 100 mill. kr per år for alle åra, med unntak av 2017 då dei var i overkant av 90 mill. kr

Vi har også satt opp ei oversikt over netto investeringsutgifter, slik dei går fram av opphavleg budsjett, justert budsjett og rekneskapen, slik vi også satt det opp i kapittel 2.

**Budsjett og rekneskap innan VA for åra frå 2014 til 2019, netto investeringsutgifter:**

	2019	2018	2017	2016	2015	2014
Opphavleg budsjett 2019	227 700 000	249 600 000	64 300 000	188 400 000	85 400 000	89 500 000
Justert budsjett 2019	258 653 000	138 985 000	64 300 000	128 400 000	103 700 000	89 500 000
<b>Rekneskap 2019</b>	<b>78 744 368</b>	<b>94 417 664</b>	<b>87 673 611</b>	<b>103 043 543</b>	<b>100 572 856</b>	<b>105 207 906</b>

Kjelde: Rekneskapssystemet

I kapittel 3 har vi framstilt kort informasjon om eit utval av investeringsprosjekt innan VA. Ein del av denne gjennomgangen har vore å identifisere informasjonen om kvart prosjekt som ligg i dei to elektroniske arkiva, ACOS Websak og flatfilområdet. Hovudbilete var at det i ACOS Websak ligg formelle inngåande og utgåande dokument, medan det på fellesområdet hovudsakleg ligg mykje teknisk dokumentasjon, samt vanlegvis ein komplett serie med referat frå byggemøta.

Vi opplevde det noko vanskeleg å enkelt finne fram til det vi var ute etter. Dette gjeld særleg på flatfilområdet som hadde store mengder med tekniske data, men også i ACOS Websak. Dette hadde dels samanheng med at dokumenta vi hadde ei forventning om å finne ikkje blir produsert, og i den vidare gjennomgangen skal m.a. prøve å relatere noko av dette opp mot revisjonskriteria.

Vår oppfatning av situasjonen i forkant av kommunesamanslåinga, er at det vart lagt opp til at utgangspunktet for gjennomføring av eit investeringsprosjekt innan VA er at det skal vere vedteke av kommunestyret og skal ha opphav i eit behov som skal kome til uttrykk i saneringsplanar.

## 5.1 KOSTNADSOVERSLAG

Ei løyving til eit investeringsprosjekt blir vanlegvis gjort i den ordinære budsjettprosessen, der løyvinga for eit år blir fastsett innan utgangen av året forut for den. Det er likevel ikkje uvanleg at det gjennom budsjettåret kan bli løyvd midlar til eit investeringsprosjekt basert på ei eiga sak lagt fram for kommunestyret, ved overføring av unytta lånemidlar frå året før eller at prosjektet får ei auka ramme finansiert ved omprioriteringar eller ved å auke finansieringsgrunnlaget.

Når det gjeld grunnlaget for dei løyvingane som ligg inne i budsjettet, så har vi i vår gjennomgang av budsjett frå 2014 og fram til i dag ikkje observert detaljert informasjon om beløpsgrunnlaget for dei løyvingane som blir gjort.

I Websak, kor alle prosjekt vanlegvis har ei eiga arkivmappe, ligg det ikkje registrert kostnadsoverslag som angir eit grunnlag for den investeringsramma som ligg inne i eit gjeldande budsjett. Vi har ikkje sett kostnadsoverslag på flatfilområdet som gjeld tidlegfase forut for vedtak. Det er rett nok utvikla ein enkel reknearkmal som skal nyttast ved ei forkalkyle og som gir ei skisse til eit metodisk opplegg for å kostnadskalkulere inkludert det å handtere usikkerheit. Dette reknearket som er ein del av LEAN, og erstattar eit tidlegare rekneark. Vi har også i liten grad sett kostnadskalkuleringar i fasen før val av hovudentreprenør.

Vår gjennomgang supplert med samtalar viser at det ikkje finns noko generelt strukturert opplegg eller rutinar for utarbeiding av gode kostnadsoverslag i dei tidlege fasar av eit investeringsprosjekt, herunder eit strukturert opplegg for å handtere usikkerheit og reserver ved dei ulike fasane i eit prosjekt. Kommunen har heller ikkje nedfelte skiftlege retningslinjer eller prinsipp som gir rettleiing til prosjektleiaren i høve til handtering av usikkerheit. Det er heller ikkje utvikla nedfelte skriftlege prinsipp for bruk av ulike erfaringstal som ein kan nytte i kostnadskalkulasjonar.

Økonomiavdelinga mottok heller ikkje eit grunnlag for dei tal som blir lagt inn i budsjett, og utøver føljegleghet heller ikkje nokon oppgåver i høve til å kvalitetssikre at budsjettala er realistiske med omsyn til kostnader og tidsfordeling, samt kvalitetssikring av reservar som skal handtere usikkerheit.

## 5.2 OPPSTARTSFASEN

I prosesskartet under: *Oppstart og innledende arbeid* er første aktivitet at: *Teamleder / Fagleder tildeler prosjekt til prosjektleder*. I samanheng med denne aktivitet skal ein fylle ut eit skjema som angir: *Prosjektnavn, Prosjektleder, Prosjektområde (SID eller kart), Oppstartdato, Tildelingsdato og Tildelt av*. Det går ikkje fram av dette tildelingsbrevet kva for ansvar og mynde som er gitt til prosjektleiaren. Vidare går det heller ikkje fram kva som er budsjettamma.

Vår gjennomgang supplert med samtalar viser at det ikkje blir utarbeidd ei formell tildeling av prosjekt. Vi har likevel ikkje identifisert at det er noko som er utydeleg i høve kven som er prosjektleiar for eit investeringsprosjekt. Det står fram som tydeleg lagt til ein av dei som utgjør gruppa av prosjektleiarar ved ytbyggingsavdelinga.

Den andre aktiviteten er: *Prosjektleder sender ut info. brev til grunneiere og andre aktører*. Vår gjennomgang viser at denne informasjon er dokumentert, og då særleg i ACOS Websak.

Den fjerde aktiviteten er: *Prosjektleder gjennomfører oppstarts- og prosjektmøter*. Vår gjennomgang viser at møter er dokumentert, og då særleg på flatfilområdet. To av punkta under denne aktiviteten er: *Avklare behov for interne ressurser og Samordning med eksterne aktører*.

Det tredje aktiviteten er: *Prosjektleder oppretter prosjekt*. Etterfølgd av fem punkt der det siste er: *Prosedyre for opprettelse av prosjektgruppe*. Det går fram av denne prosedyren at med prosjektgruppe blir det sikta til:

*En gruppe sammensatt av personer med kompetanse innen alle fagfelt som blir berørt i VA prosjektet. Med en leder og 2-5 andre medlemmer som representerer fagfelt som vann, avløp, innmåling, elektro, automasjon, bygg og anlegg, rør o.l. (prosjektets karakter bestemmer sammensetningen av medlemmene)*

Vidare blir det lista opp:

- *Alle VA prosjekt skal ha en prosjektgruppe*
- *Fagleder Utbygging er ansvarlig for utnevning av prosjektleder*
- *Prosjektleder kontakter Teamleder Vann og Teamleder Avløp for oppnevning av representant til prosjektgruppa inkl. SHA-koordinator*

Under: *Ansvarsdeling i prosjektgruppe* står det:

1. *Prosjektleder*  
*Leder av prosjektgruppe. Ansvarlig for framdrift og informasjonsflyt i prosjektgruppa og ut mot respektive teamledere.*
2. *Andre deltakere*  
*Ansvarlig for sitt fagfelt og skal delta aktivt med innspill. Om nødvendig skal andre i teamet kontaktes for avklaringer.*



Under: *Oppgave og ansvar* står det følgjande under punkt a:

*Før prosjektering starter skal prosjektgruppa gå gjennom prosjektark, budsjett og de overordnede målene med prosjektet. Legge føringer for trasevalg, vurderinger av omfang o.l. Befaring skal gjennomføres. Prosjektgruppa er ansvarlig for å legge en plan for videre fremdrift.*

Under punkt b:

*Etter at konsulent eller prosjektleder har startet prosjekteringen skal de jevnlig avholdes møter der planer blir gjennomgått. Endringer skal gjennomgås i prosjektgruppe og godkjennes av prosjektgruppe.*

*Alle planer, tegninger og mengdebeskrivelser skal gjennomgås og godkjennes av prosjektgruppe før utsendelse/oppstart/entreprenør kontaktes.*

Under punkt c:

*Under byggearbeidet skal prosjektgruppa delta på byggemøter. Alle endringer og tillegg skal godkjennes av prosjektgruppa.*

Det som står ovanfor, og vår gjennomgang supplert med samtalar, viser at prosjektleiar langt på veg er aleine om gjennomføringa av dei ulike prosjektprosessane. Med det siktar vi til at det i utbyggingsavdelinga ikkje blir sett saman ei prosjektgruppe der ein har ein grad av spesialisering med omsyn til dei ulike prosessane som er i eit investeringsprosjekt. Det som blir referert til som ei prosjektgruppe, er slik vi les det ovanfor, meir ei interessent- og/eller avgjerslegruppe.

Det første punktet i prosesskartet under: *Planlegging* angir at ein skal: *Vurdere bruk av eksterne konsulenter*. Slik dette er lagt inn i prosesskartet vil vi tru at det her blir sikta til bruk av eksterne som prosjektleiar, og ikkje bruk av eksterne som spesialistar innan til dømes geoteknikk, arkeologi o.l. Bruk av slike spesialistar ligg inne i ei vurdering ved etablering av ei prosjektgruppe. Våre revisjonskriterier angir at ein prosjektleiar bør vere involvert når ein set saman ei prosjektgruppe.

Den siste fasen er: *Prosjektleder sender prosjektark til teamleder/ fagleder*. Medan den nest siste fasen er knytt til eit krav om at 15 % av budsjett krev godkjenning frå fagleiar. Det som blir referert til som prosjektarket har vore ein del rutinane lenge før arbeidet med LEAN, og er meint å representere ei formell prosedyre for å initiere eit prosjekt. Vi har sett nokre slike underskrivne prosjektark, men hovudbilete etter ein gjennomgangen er at desse vanlegvis ikkje blir arkivert i ACOS Websak eller på flatfilområdet.

Kommunen har ikkje utarbeidd ein mal for kartlegging av alle interessentar, og det går heller ikkje fram som eit punkt i prosesskartet. Det at ein ikkje har krav om ei formalisert interessentanalyse, er likevel ikkje det same som at interessentane ikkje blir ivareteke på ein forsvarleg måte. Vi viser her også til det som blir referert til som prosjektgruppa, som under byggearbeidet skal delta på byggemøter. I vår gjennomgang av investeringsprosjekt har vi ikkje identifisert noko som har gitt store konsekvensar som følgje av mangelfull initial kartlegging av interessentar.



### 5.3 PLANLEGGING

Under kriteriedelen gav vi uttrykk for at:

*Kor omfattande ei planlegging må vere, avheng naturlegvis av kor omfattande og komplekst investeringsprosjektet er. Alle investeringsprosjekt bør likevel ha ein prosjektplan, ein framdriftsplan, ei risikoanalyse og ein anskaffingsplan for å sikre ein trygg kontroll.*

I tillegg bør ein også, når ein går ut av planleggingsfasen ha tydeleg definert prosjektet sitt omfang.

Vår gjennomgang supplert med samtaler viser at det ikkje blir utarbeidd ein samla prosjektplan for eit prosjekt, ei heller er det sett krav om dette i rutineane. Det kan gjere det vanskeleg for andre å vurdere om planlegginga er tilpassa kompleksiteten.

Planlegginga slik det går fram av prosesskartet skil mellom prosjekt over og under 1 mill. kr, og er retta inn mot prosessane frå detaljprosjektering til konkurransegrunnlaget til kontrakt til entreprenøren etablerer riggplass.

Vår gjennomgang supplert med samtaler viser at det det ikkje blir utarbeid ein samla framdriftsplan for eit investeringsprosjekt, ei heller er det sett krav om det. Ein eller anna form for framdriftsplan ligg i entreprenørkontrakten, og det vil vere ein vesentleg del av framdriftsplanen for heile prosjektet.

Gjennomføring av entreprenørkontraktane er ein viktig del av prosjektet, men alle prosjekt har element som kjem i tillegg. Det er ikkje utvikla prosedyrar og malar som gir prosjektleiaren rettleiing til å utarbeide ein overordna prosjektplan og framdriftsplan for heile prosjekt, der prosjektplan og framdriftsplan for entreprenørkontraktane er ein viktig del av den samla planlegginga.

Vår gjennomgang supplert med samtaler viser at det ikkje blir stilt krav om å gjennomføre ei risikoanalyse for kvart prosjekt. I nokre prosjekt har det likevel blitt utarbeidd ei risikoanalyse basert på eit opplegg frå vegvesenet, men det er ikkje utvikla prosedyrar og malar som gir prosjektleiaren rettleiing til å utarbeide slike analyser.

Ein stor del av utgiftene i prosjekta som vi har gått gjennom har vore knytt til entreprenøren. I tillegg kjem det ofte andre kostnadar som røyr, røyrleggjartenester samt graving og massetransport. Hovudsakleg er utgiftene dekt opp med ein gjennomført konkurranse for entreprenørkontrakten og bruk av rammeavtaler for dei andre utgiftene. Vi har sett nokre utfylte skjema for avrop på rammeavtalane, men hovudbiletet vårt er at det er manglar i høve til dette. Det kan vere at det ikkje er gjort, men det kan også vere at dei ikkje blir arkivert på ein slik måte slik at det er enkelt å finne dei. Vi er ikkje kjend med at skjema for avrop blir sendt over til innkjøpsavdelinga. Innkjøpsavdelinga kan ha ei rolle i høve til sjekke at fordelinga blir rimeleg på ulike leverandørar som er ein del av rammeavtalen eller at ulike terskelverdiar som ligg i rammeavtalen blir overhalde.

Det er ein generell risiko for at kommunen ikkje oppdaterer eit prosjektbudsjett etter det er gjort grove kalkulasjonar i ein tidlegfase. I prosesskartet går det fram at før eit prosjekt blir initiert skal prosjektleiaren gjennomføre ei forkalkyle basert på ein erfaringsbase, men det er ikkje stilt krav kostnadskalkulasjon i tidlegfasen før vedtak om løyving eller i fasen der ein går ut av planlegging.

I alle høve har vi sett lite til at det er arkivert kostnadsoppsett, kanskje då med unntak av utbyggingsavtalene og samarbeidsprosjekt der ein skal dele kostnaden med andre.

## 5.4 OPPFØLGING

I prosesskartet er ikkje oppfølging definert som ein hovudprosess. Kartet er detaljert fram til ein kjem til oppstatsmøte og at entreprenøren skal etablerer rigg. Etter dette er det teikna inn ei boks med teksten: *Prosjektleder følger opp prosjektet*. Denne har følgjande underpunkt:

- *Byggeleder er ikke alltid prosjektleder (men i 99% av prosjektene)*
- *Daglig tilsyn etter behov*
- *Endringsordre eller endringsmelding må håndteres*
- *Tilleggsendring må gjennomgås i prosjektgruppen*
- *Prosjektleder kaller inn til byggemøte og vernerunde (sammen med SHA-koordinator) som gjennomføres 1 gang hver uke*
- *Prosjektleder følger opp økonomi, endring av prosjektomfanget, avvik og fremdrift*
- *Prosjektleder rapporterer økonomistatus månedlig til fagleder*
- *Reviderer SHA-plan*
- *Registrere arbeid fortløpende i Gemini VA dagbok*

Prosesskartet angir at ein del av det å følgje opp prosjektet er å handtere endringsordre eller endringsmeldingar. Vår gjennomgang supplert med samtaler viser eit det ikkje er nedfelt skriftlege prosedyrar for handtering av endringar. Vidare er det ikkje klart kva for endringar som krev rapportering til overordna leiing. Under prosjektgruppa sine oppgåver og ansvar står det at: *Alle endringer og tillegg skal godkjennes av prosjektgruppa*.

I eit løyingsorientert system, er det ein risiko for at manglande omfangsstyring kan gi eit systematisk meirforbruk over tid. Dei prosjekt som utviklar seg i retning av eit meirforbruk, vil bli gjenstand for tett kostnadsoppfølging og kanskje også ein reduksjon i omfang. Dei prosjekt som utviklar seg i retning av eit mindreforbruk, vil ha ein risiko for å auke i omfang. Gode prosjektbudsjett, ei god handtering av usikkerheit og ei god omfangsstyring, inneber at nokre prosjekt kan få eit mindreforbruk og nokre eit meirforbruk, men i sum over fleire prosjekt og år, så har ein hatt like mykje mindreforbruk som meirforbruk. Vår gjennomgang supplert med samtaler viser at det ikkje er nedfelt skriftlege prosedyrar for omfangsstyring. Vidare er det ikkje klart kva for omfangsendringar som krev rapportering til overordna leiing, ei heller er det klårt for vår del kva fullmakter overordna leiing har til å gjere omfangsendringar. Omfanget er ein viktig premiss for budsjettet og det er det kommunestyret sjølv som fastsett.

Prosesskartet tydeleggjer at økonomistyring er ein del av prosjektleiar si oppfølging av prosjektet. Utgiftene til prosjektet blir bokført i kommunen sitt økonomisystem som ein del av investeringsrekneskapen. Desse utgiftene blir bokført på detaljert nivå med prosjektnummer, ansvarsområde, tenesteområde og ein rekneskapsart. Fram mot seint 2017 vart ikkje budsjettet fordelt ut på prosjekt og lagt inn på prosjekt i økonomisystemet. Frå og med 2018 har ein vedteke budsjett på prosjekt.

Prosjektleiaren kan til ein kvar tid ta ut ulike oversikter over prosjektrekneskapen målt mot eit eventuelt innlagt budsjett, men kommunen har ikkje nokon fast mal for ei tenleg rapportering av prosjektrekneskap for veg-, vatn- og avløpsprosjekt som ein kan nytte gjennom heile prosjektet.

Vi har gått gjennom rapporteringa til bystyret frå 2014 og fram til i dag. Dei pliktige 1. og 2. tertialrapportane har blitt lagt fram, men det er også her først seint i 2017 at investeringane blir omtalt. Handteringa av investeringsrekneskapen står fram noko teknisk. Ved 1. tertialrapportering for 2019 er alle prosjekt med budsjett gitt ei prognose lik budsjettet, samt at ein stor del av prosjekta ikkje har budsjett. Det blir heller ikkje lagt inn informasjon vedkomande det fleirårige perspektivet som gjeld dei fleste prosjekt.

Vi har også gått gjennom årsrekneskapen frå 2014 og fram til i dag. Det obligatoriske oppsettet for rapportering av utgiftene til investeringsprosjekta, det såkalla skjema 2B, var med for alle åra.

Nedanfor skal vi gi nokre utdrag frå skjema 2B for årsrekneskapen for 2019:

Regnskapsskjema 2B - investering				
Ålesund kommune 2019				
INVESTERINGER PR. VIRKSOMHETSOMRÅDE	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
	2019	2019	2019	2018
59 Tekniske og fellesdrift	148 603 268	321 383 000	315 650 000	172 815 862
INVESTERINGER PR. VIRKSOMHET	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
	2019	2019	2019	2018
5900 Plan og bygning	-	125 000	125 000	-
5901 Kart og oppmåling	870 115	875 000	875 000	-
5902 Veg, anlegg og park	40 078 855	48 214 000	43 000 000	62 365 927
5903 Vann, avløp og renovasjon (VAR)	105 113 675	260 394 000	264 400 000	100 975 401
5904 Eiendomsdrift	480 750	500 000	500 000	-
5906 Sentralkjøkken	1 294 463	1 358 000	1 250 000	398 375
5910 BINGSA (NÆRINGDRIFT AVFALL)	765 410	9 917 000	5 500 000	9 076 160
INVESTERINGER PR. VIRKSOMHET OG PROSJEKT	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
	2019	2019	2019	2018

Vidare vart det så lista opp alle prosjekt gruppert etter ansvar. For VAR utgjorde det 144 prosjekt. Vi skal her framstille eit utdrag på 37 av desse:

INVESTERINGER PR. VIRKSOMHET OG PROSJEKT	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
	2 019	2019	2019	2 018
<b>Grp. Ansvar: 5903 Vann, avløp og renovasjon (VAR)</b>				
1000 KJØP AV BIL	3 054 589	1 000 000	1 000 000	-
1377 HESSAVEGEN	12 500	-	-	-
1382 ÅSEHAUGEN	2 024	-	-	-
1402 KOKKERVICA-UTSKIFTING AVLØP	1 012 967	-	-	-
1403 PARKGATA SAMARBEIDSPROSJEKT	8 187 204	-	-	-
1411 SANERING MYRLAND VA	163 125	-	-	-
1412 MÅLESTASJONER PÅ LEDNINGSNETTET	144 090	500 000	500 000	-
1413 OLE THORESENS GATE VA	7 310 557	-	-	3 796 128
1417 FLISNES NORDVEST (UTBYGGINGSAVTALE)	1 885 222	-	-	12 251 396
1421 PARKGATEN	95 869	-	-	4 006 259
1423 ROS ANALYSE	-	200 000	200 000	-
1428 UTSKIFTING AV KUMMER/VENTILER	1 164 417	250 000	250 000	82 964
1455 FELLES RENSEANLEGG MED SULA	371 850	30 000 000	30 000 000	214 375
1459 LERSTADVEGEN 166-140	2 307 402	-	-	1 308 671

1461 SKYTTERGATA VA	1 600 184	-	-	31 500
1480 VA ÅSEBØEN, ÅSEHAUGEN	2 076 689	-	-	694 262
1482 RESERVEVANNFORSYNING	1 641 775	70 000 000	70 000 000	2 721 525
1486 HOVEDPLAN VANN/AVLØP	507 687	750 000	750 000	1 027 117
1488 UV-AGGREGAT VA	3 201 120	-	-	2 825 983
1498 GJERDEGATA PARKGATA UTSKIFTING AV VA	3 720 527	-	-	-
1526 REHABILITERING PUMPESTASJONER	3 308 301	3 000 000	3 000 000	979 505
1530 KIRKEGATA SANERING	2 366 659	-	-	-
1544 OPPGRADERING AV RA4 TIL PAX	2 307 459	-	-	1 271 282
1546 GEILEBERGET- SANERING AV UTSLIPP U98	280 225	3 250 000	3 250 000	121 500
1552 REHABILITERING LEDNINGSNETT VA	1 200 721	98 338 000	86 500 000	1 855 559
1553 UTBYGGINGSAVTALE FRI SIKT OG ÅKE	2 641 388	-	-	-
1554 HEIMDALEN AVLØP	1 183 759	-	-	-
1561 HØYDEBASSENG EMBLEM/ØSTREM	-	22 000 000	22 000 000	-
1709 AVLØPSLEDNING LANGS SPJELKAVIKELVA	7 096 908	-	-	184 125
1713 SKARBØVIKA SYD VA	-	-	-	6 578 714
1719 SANERING FREMMERHOLEN	185 399	-	-	11 129 313
1725 UTBYGGINGSAVTALE	2 164 778	3 000 000	3 000 000	1 689 658
1728 ÅSEGARDANE UTBYGGINGSPROSJEKT	19 843 161	-	-	1 181 501
1732 VA HERDBANA	3 600 721	-	-	1 713 635
1733 LEDNINGSNETT VANN	3 484 193	1 000 000	-	408 007
2623 UNDERSØKELSE BORGUNDFJORD/ASPEVÅGEN	146 029	1 741 000	36 700 000	443 422
9000 GENERELL INVESTERING	-	15 615 000	-	415 058

Skjema 2B reflekterer det at ei løyving til eit investeringsprosjekt er eittårig. Denne løyvinga skal vere realistisk, altså tilpassa den kapasitet og framdriftstakt som ein legg opp til. Regelverket angir at ein ikkje har heimel til gå utover denne løyvinga. Då ei slik løyving er uttrykk for ei politisk prioritering, er det også uheldig at ei slik eittårig løyving ikkje blir nytta.


Vi ser av utdraget ovanfor at det er manglande samsvar mellom rekneskap og vedteke budsjett. Vår gjennomgang viser det vi kanskje kan kalle generelle tendensar ved investeringsrekneskapen. Det er ikkje uvanleg å observere manglande budsjettdekning for nokre prosjekt. Vidare er det ikkje uvanleg at kommunar fullfinansierer og løyver i forkant, eller at løyvingar ligg inne i budsjettet ein del år før ein sett i gang.

Ei løyving er som sagt eittårig, medan dei fleste investeringsprosjekt går over fleire år. Vår gjennomgang viser at det er noko vanskeleg å få oversikt over kva som til ei kvar tid er totalramma for eit prosjekt. Vidare at ein skyver unytta løyvingar framføre seg og at budsjett blir justert langs med.

Vår gjennomgang har kartlagt den vesentlege rapportering knytt til investeringsprosjekt frå 2014 og fram til i dag. Vi har i liten grad sett at ein supplerer med informasjon av typen: *Rekneskapsført tidlegare år og Vedteke utgiftsramme for alle år*. I note til rekneskapen for 2019 er det rett nok lista opp 17 større prosjekt der det er opplyst om rekneskap før 2018.

## 5.5 AVSLUTNING

I prosesskartet er avslutning definert som ei hovudprosess og den er særleg retta inn mot det å avslutte entreprenørkontrakten. Vi har nedanfor framstilt prosesskartet for denne fasen.



Det er viktig å gjennomføre ein god avslutningsfase også etter at entreprenørkontrakten er slutt.

Vår gjennomgang viser at det ikkje er utarbeidd ein prosedyremal for ei formell avslutning av eit prosjekt. Vi tenker då på ein prosedyremal som gir dei sjekkpunkta som er nødvendige for at prosjektleiar kan sjå på prosjektet som ferdig.

Vidare blir det heller ikkje gjennomført ei evaluering som blir nedfelt i eit erfaringsdokument. Prosesskartet angir at prosjektleiar skal oppdatere erfaringsdatabase. Det blir, slik vi har oppfatta det, her referert til at ein skal legge inn erfaringsprisar i eit rekneark.

Det går også fram av prosesskartet at prosjektleiar skal gjere ei etterkalkyle. Vi er noko usikker på kva det her blir referert til. Malen som ligg ved gir heller ikkje særleg rettleiing. I alle høve har vi i vår gjennomgang ikkje sett at det for eit prosjekt blir avlagt ein sluttrapport og eit sluttrekneskap. Det er heller ikkje lagt fram ein sluttrekneskap for bystyret for investeringsprosjekt som er over 15. mill. kr som økonomireglementet stiller krav om.

## 6. VURDERINGAR

Ålesund kommune har i det overordna planverket over tid hatt ei målsetting om å auke utskiftingstakta på vann- og avløpsnettet, å få ned mengda av overløp og å sanere direkteutslepp. Den takta som kommunen nå ligg på inneber at røyr blir skifta ut i eit 100 års perspektiv. Dette kan innebere at kommande generasjonar må ta ein større del av byrda med å skifte ut nettet. Når det gjeld overløp er vi usikker på om kommunen har god oversikt, og når det gjeld sanering av direkteutslepp så synast desse prosjekta å stadig blir skyvd på i tid.

Vi synast det er vanskeleg å sjå at det er ei god kopling mellom planverket og løyvingar. Etter vår vurdering, ser det heller ikkje ut til at dei løyvingane som blir gitt, er særleg førande for om eit prosjekt blir gjennomført inneverande budsjettår eller ikkje. Store løyvingar blir ikkje nytta og ein overfører stadig store beløp til neste års budsjett. Ein konsekvens av dette kan vere at det oppstår ei oppfatning at midlar er lett tilgjengelege og det kan gi dårleg kostnadskontroll.

Prosesskartet angir som første punkt at ein skal ta utgangspunkt i saneringsplanen, og det siste punktet angir at ein skal oppdatere saneringsplanen. Saneringsplanen derimot angir at det skal utarbeidast detaljerte saneringsplanar for de identifiserte sonene. Vi er usikker på kva det betyr at det i ei rutine for gjennomføring av eit investeringsprosjekt, så skal ein ta utgangspunkt i saneringsplanen. Utveljing av investeringsprosjekt har vel sine egne formelle eller uformelle rutinar?

Etter vår vurdering bør kommunedirektøren få på plass ei betre overordna planmessig styring og betre rapportering til politikarar og innbyggjarane, når det gjeld gjennomføring av VA-prosjekt. Vidare er det viktig at planar og framdrift i investeringsprosjekta er godt forankra på kommunalsjefnivå.

Med midlar som synast lett tilgjengelege, er det nok kapasitet ved utbyggingsavdelinga og utføresette hendingar som er førande for kva for prosjekt som blir sett i gang. Kapasiteten ved utbyggingsavdelinga er ei stadig tilbakevenda tema. Etter vår vurdering er det viktig at kommunedirektøren legg ein strategi for å løyse desse utfordringane. Dette inneber ein strategi for utvikling av egne ressursar i utbyggingsavdelinga og ein innkjøpsteknisk strategi knytt til leige av eksterne ressursar.

Vår overordna generelle vurdering etter ein omfattande gjennomgang av system, dokument og rekneskap, samt samtalar med sentrale personar, er at kommunen har gjort eit viktig arbeid med å strukturere gangen i eit prosjekt i form av eit prosesskart. LEAN prosjektet ber likevel preg av å liste opp mange oppgåver som ei prosjektleiar skal gjere, utan at det er gitt særleg med rettleiing og prosedyrar for korleis alle desse oppgåve skal utførast.

Investeringsprosjekta innan VA i Ålesund kommune har etter vår vurdering ikkje reelle budsjettammer som ein prosjektleiar eller ein verksemdsleiar skal halde. Etter vårt syn bør kommunedirektøren prioritere å få ein fortgang i det arbeidet som økonomiavdelinga har arbeidd med dei seinare år i høve til å få på plass reelle budsjettammer vedteke av kommunestyret. Dette synet kan kanskje stå fram som litt proforma, då dei mange investeringsprosjekta innanfor vann og avløp kanskje ikkje er dei som har fått størst merksemd i budsjettprosessen historisk sett. Dette kan endre seg etter kommunesamanslåinga, og ikkje minst kan rammer gitt av kommunestyret sørge for ein betre disiplin i høve til å gjennomføre prosjekt i tråd med ein vedteken plan.

Historikk og status i investeringsprosjekt er etter vår erfaring noko som politikarar og einskilde innbyggjarar har ei stor interesse omkring. Vår generelle vurdering er at kommunen bør prioritere å

gir betre informasjon om investeringsprosjekta i dei sentral styringsdokumenta. Særleg gjeld dette informasjon som gir oversikt utover det eittårige perspektivet som det løyvingorienterte kommunal budsjettssystemet har sin fokus på. Det fleirårige perspektivet er løyvingar, endringar og utgifter over fleire år.

## 6.1 KOSTNADSOVERSLAG

Kommunen har etter vår vurdering ikkje gode system og rutinar på at det skal ligge føre eit godt kostnadsgrunnlag før ein tek politisk stilling til eit investeringsprosjekt. Vi ser likevel ein ambisjon om å få på plass ein database med erfaringspriser, og at det er utarbeidd ei skisse til eit oppsett av slike.

Kommunen har ikkje nedfelt skiftlege retningslinjer eller prinsipp som gir rettleiing til prosjektleiaren i høve til handtering av usikkerheit i dei ulike fasane. Vår vurdering er at slike retningslinjer vil gi god beskyttelse for ei prosjektleiar som kjem under press i ein tidleg fase. Eit slikt press kan oppstå sjølv om eit påslag for usikkerheit skal vere basert på eit fagleg profesjonelt skjøn.

Økonomiavdelinga bør etter vår syn også få sendt over grunnlaget for dei beløpa som blir lagt inn i budsjettet og dei kan med fordel også gjere enkle kontrollar av grunnlaget og at det blir operert med påslag for usikkerheit i tråd med retningslinjene nemnt ovanfor.

## 6.2 OPPSTARTSFASEN

Prosjektleiaransvaret står fram som tydeleg definert, men kommunen bør etter vår vurdering formalisere eit betre prosjektmandat. I prosesskartet blir det referert til eit tildelingsbrev og eit prosjektark som begge har karakter av å vere relevant i høve til eit prosjektmandat, men begge dokumenta er særskilte knappe.

Dette prosjektmandatet må etter vår syn som eit minimum gjere godt greie for prosjektleiaren sitt ansvar og mynde i høve til økonomi, samt ha ei tydeleg konkretisering av budsjetttramma. Eit slikt mandat bør også angi behov, prosjektet sitt mål, og leveransane. Med prosjektet sine leveransar siktar vi her til kva ein får for dei midlane som kommunestyret løyver.

Det er her viktig å presisere at eit omfang og ei budsjetttramme som er vedteke av kommunestyret, er det berre kommunestyret sjølv som har heimel til å auke. Dette kan med andre ord ikkje delegerast til formannskap, kommunedirektør, kommunalsjef, verksemdsleiar, prosjektgruppe eller prosjektleiar. Dette inneber at ei dårleg planlegging med mange endringar eller omfangsendringar vil bli eksponert som eit prosjekt med meirforbruk som ein i større grad må gjere greie for. Vi har ikkje sett at meirforbruk på eit investeringsprosjekt er noko som ein prosjektleiar må gjere formelt greie for til overordna leiarar eller kommunestyret.

Det går fram av prosesskartet at: *Alle VA prosjekt skal ha en prosjektgruppe.* Vår gjennomgang viser at det blir opprette ei slik prosjektgruppe og at alle møta er dokumentert med referat. Denne gruppa skal i forkant av prosjektering:

*... gå gjennom prosjektark, budsjett og de overordnede målene med prosjektet. Legge føringer for trasevalg, vurderinger av omfang o.l. Befaring skal gjennomføres. Prosjektgruppa er ansvarlig for å legge en plan for videre fremdrift.*

Ein kan lese dette slik at det er prosjektgruppa som har ansvaret for å utarbeide ein framdriftsplan.

Vidare går det fram at under *Oppgåve og ansvar* punkt b at:

*Endringer skal gjennomgås i prosjektgruppe og godkjennes av prosjektgruppe.*

Og punkt c:

*Alle endringer og tillegg skal godkjennes av prosjektgruppa.*

Under punkt b står det også:

*Alle planer, tegninger og mengdebeskrivelser skal gjennomgås og godkjennes av prosjektgruppe før utsendelse/oppstart/entreprenør kontaktes.*

Dei andre deltakarane enn prosjektleiaren er:

*Ansvarlig for sitt fagfelt og skal delta aktivt med innspill. Om nødvendig skal andre i teamet kontaktes for avklaringer.*

Det sist siterte signaliserer at dette er ei gruppe av viktige interessentar som skal gi viktige innspel som ein prosjektleiar skal vektlegge. Det er liten tvil om at det er tenleg for eit prosjekt at ein formaliserer dette. Dei andre punkta angir at dette er ei gruppe som er gitt eit betydeleg ansvar og mynde, og at gruppa er den instans som skal fatte dei viktige avgjerslene i prosjektet.

Det kan vere at det er gode grunnar for å organisere eit VA prosjekt slik. Vi har ikkje inngåande kjennskap til alle sider og utfordringar ved å gjennomføre eit VA. Vi vil likevel peike på at det er ein stor forskjell på det å fatte ei avgjersle og det å gi innspel i høve til å vere ein viktig interessent. Ein bør etter vår vurdering også tydeleggjere dette ved bruken av omgrep for denne gruppa.

Vi vil anbefale kommunen å gjere ei evaluering av denne måten å organisere eit VA prosjekt på. Etter vår syn er det ein stor risiko for at ein tilslører ansvarshøva ved denne organisering, og då særleg i høve til kven som har ansvaret for økonomien i eit prosjekt.

Det blir ikkje oppretta ei prosjektgruppe i vanleg forstand som består at personar som har ansvar for dei ulike prosjektstyringsprosessane. Den som blir utpeikt til å vere prosjektleiar står fram som sær aleine i å skulle gjennomføre eit breitt spekter av oppgåver som krev god erfaring og kompetanse. Truleg kan ein med fordel leggje opp til at dei som arbeider ved utbyggingsavdelinga blir gitt ei viss grad av spesialisering.

Kommunen bør etter vårt syn gjere ei formalisert vurdering i høve til å setje saman ei prosjektgruppe i vanleg forstand. Nokre prosjekt kan vere av ein slik art at det er tilstrekkeleg med berre ein prosjektleiar, medan andre prosjekt er best tent med å trekke på interne og/eller eksterne spesialiserte resursar. Den som skal vere prosjektleiaren bør vere involvert i utveljinga av dei som skal vere med i prosjektgruppa.

Kommunen bør etter vår vurdering utvikle ein prosedyremal for gjennomføring av ein interessantanalyse for kvart investeringsprosjekt. Sær erfarne tilsette kan kanskje ha lite nytte av slike analyser, medan mindre erfarne vil ha god nytte av det. Slike analyser vil etter vår vurdering i alle høve vere viktig å formalisere og denne formaliseringa kan vere viktig ved evalueringar.



### 6.3 PLANLEGGING

Ein stor del av rutinane ved eit prosesskartet er retta inn mot å gjennomføre entreprenørkontrakten. Denne fasen er ein vesentleg del av alle prosjekt, men alle prosjekt har fasar i tillegg til dette.

Vår vurdering er at kommunen bør utvikle prosedyremalar som gir prosjektleiaren hjelp til å utarbeidde ein overordna prosjektplan og framdriftsplan for heile prosjekt, der prosjektplan og framdriftsplan for entreprenørkontraktane er ein del av den samla planlegginga.

Kommunen bør etter vår vurdering også stille krav om å utarbeidde ein anskaffingsplan, og denne bør bli utarbeidd tideleg i prosessen og bli sendt over til innkjøpsavdelinga.

Kommunen bør etter vårt syn også utvikle prosedyremalar for gjennomføring av ei heilskapleg risikoanalyse for kvart prosjekt.

Vi vil her presisere at det ikkje er særskilte omfattande planar og risikoanalyser vi siktar til, men enkle oppsett over nøkkelinformasjon som ein lett kan oppdatere over heile prosjektperioden frå behovet er identifisert til ein formelt har avslutta eit prosjektet.

### 6.4 OPPFØLGING

Prosesskartet gir ei overordna skisse av system og rutinar ved prosjektgjennomføringa. Det er nemnt fleire viktige stikkord i høve til oppfølgingsfasen m.a. økonomistyring og endringsmeldingar. Vi listar her opp nokre kulepunkt

- Endringsordre eller endringsmelding må håndteres
- Tilleggsending må gjennomgås i prosjektgruppen
- Prosjektleder følger opp økonomi, endring av prosjektomfanget, avvik og fremdrift
- Prosjektleder rapporterer økonomistatus månedlig til fagleider

I prosesskartet er oppfølgingsfasen etter vårt syn for knapt spesifisert og formulert.

Vår vurdering er at kommunen bør utvikle skriftlege prosedyremalar for endringsstyring og omfangsstyring. Etter vårt syn bør ein også tydeleggjere prinsippa for når ei omfangsendring krev politisk behandling, då det å ha budsjettmidlar til overs ikkje gir heimel til ei omfangsendring.

For perioden 2014 og fram til i dag, har vi gått gjennom alle budsjett og årsrekneskap, alle overføringsaker for unytta midlar i investeringsrekneskapen og all økonomirapportering. Vår vurdering er at den informasjon som blir gitt vedkomande investeringsrekneskapen er mangelfull.

Når det gjeld budsjett og årsrekneskap er det lite informasjon utover obligatorisk innhald og oppsett. Det fleirårige perspektivet på investeringane har ikkje kome godt fram i desse dokumenta.

Sakene om overføring av investeringsbudsjettet frå tidlegare år står fram som tekniske, og etter vårt syn ber dei preg av å berre vere av formell karakter.

Når det gjeld økonomirapportering har investeringsbudsjett hatt lite fokus. Den seinare tid har dette betra seg noko.

Departementet har gitt ut ein rettleiar om investeringsrekneskapen. Av denne går det fram at:

*For årsregnskapet er det gitt bestemmelser både i lov og forskrift om innhold og oppsett, mens det for prosjektregnskapet ikke er gitt særskilte regler. Hva innholdet i prosjektregnskapet da bør være, må utvikles i lys av formålet med prosjektregnskapet.*

*Formålet med prosjektregnskapet er å vise hvor mye som er påløpt hittil, og sammenholde dette mot den vedtatte kostnadsrammen, herunder å vurdere endringer i prognosene.*

*Prosjektregnskapet og årsregnskapet for investeringer har forskjellige formål, og vil av den grunn måtte gi forskjellig informasjon. Prosjektregnskaper har fokus på prosjektets utgifter og prosjektlevetiden, mens årsregnskapet for investeringer vil ha fokus på bevilgninger og påløpt i et årsperspektiv.*

*Et prosjektregnskaps utgifter i året vil være sammenfallende med investeringsregnskapets utgifter i året. Investeringsprosjekter er årsvarende, og prosjektregnskapene må følge prosjektets levetid og følges opp i forhold til prosjektets kostnadsramme. Et investeringsregnskaps utgifter vil derimot følges opp årlig mot bevilgningene.*

*Prosjektregnskap for løpende oppfølging kan ha denne oppstillingen:*

Oppstillinga som det blir vist er slik:

Prosjektregnskap per mnd/år			Påløpt		Prognose- endringer
	Kostnadsrammer		Regnskap	Regnskap	
	Opprinnelig	Justert	tidligere år	hittil i år	
Investeringsprosjekter					
Utgifter					
Bygging av skole A					
Bygging av sykehjem A					
VA-investeringer					
IKT-investeringer					

I kommunal rekneskapsstandard nr 6 om *Noter og årsberetning* går det fram under 3.1.3 *Øvrige noter i henhold til god kommunal regnskapsskikk*, punkt 5 følgjande:

*Investeringsoversikt som minst viser årets brutto utgifter og tidligere års utgifter, samt vedtatte utgiftsrammer for større investeringsprosjekter.*

I NKRF sitt noteverktøy er det satt opp eit slik døme på ein god note over investeringsprosjekt:

Prosjekt	Vedtatt utgifts- ramme	Regnskaps- ført tidligere år	Årets budsjett	Regnskaps- ført i år	Sum regnskaps- ført	Gjenstår av utgifts- ramme
Prosjekt nr./navn	0	0	0	0	0	0
Prosjekt nr./navn	0	0	0	0	0	0
Prosjekt nr./navn	0	0	0	0	0	0
	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Vår vurdering er at kommunen bør gi meir informasjon om investeringsprosjekta i sine sentrale styringsdokument, der ein også bør få fram det fleirårige perspektivet som vi har illustrert med dei to tabellane ovanfor.

## 6.5 AVSLUTNING

Kommunen bør etter vår vurdering utarbeide ein prosedyremal for evaluering av eit prosjekt og ein prosedyremal for formell avslutning av eit prosjekt.

Kommunen bør etter vårt syn også gjere ein gjennomgang av rutinar for arkiv vedkomande dokument som vedkjem investeringsprosjekta. Ein viktig del av det å formelt avslutte eit prosjekt er å sørge for at arkiva er komplette. Vidare bør kommunen gjere ei vurdering av behovet for prosjektstyringsverktøy som kan understøtte det arbeidet som er gjort med å strukturere flyten i gjennom arbeidet med prosesskartet.

I rettleiaren til investeringsprosjekt går det fram at:

*Et sluttregnskap for investeringsprosjektene er den endelige avrapportering av prosjektets utgifter. Det skiller seg fra den løpende rapporteringen over alle investeringsprosjekter (se ovenfor) til å være et regnskap for hvert enkelt prosjekt. Det kan samtidig være nyttig å vise den prosjektspesifikke (øremerkede) finansieringen av prosjektet.*

*Et sluttregnskap for et investeringsprosjekt kan ha denne oppstillingen:*

Oppstillinga det blir vist til var slik:

Sluttregnskap for investeringsprosjektet:	Kostnadsrammer		Regnskap	Avvik
Bygging av skole A	Opprinnelig	Justert		
<i>Utgifter</i>				
Investeringerutgifter				
<i>Prosjektspesifikk finansiering</i>				
Øremerket tilskudd				
Øremerkede lån				
<i>Annen generell finansiering</i>				
<i>Sum finansiering</i>				

Det kan vere ulike oppfatningar av korleis ein bør sette opp ein prosjektrekneskap og sluttrekneskap. I samanheng med ein eventuell gjennomgang av økonomireglementet, bør ein også tydeleggjere kva for krav ein skal stille til eit oppsett. Vi skal til slutt gi eit døme på eit oppsett for dei prosjekta som vi har sett på i denne rapporten innan vann og avløp:

Postnr.	Post
1.0	Prosjektering
2.1	Eksterne utgifter til prosjektstyring eller byggleiing
2.2	Interne utgifter til prosjektstyring eller byggleiing ført i investeringsrekneskapen
3.1	Kontrakt 1 – Anlegg og Entreprenør
3.2	Kontrakt 2 - Pumpe
4.0	Grunnkjøp (Inkl. kart og juridisk bistand)
5.0	Andre utgifter
	<b>Sum investeringsutgifter</b>
	Prosjektspesifikk finansiering (Øymerka tilskott og lån)
	Lånefinansiering
	<b>Sum finansiering</b>

Dette dømet er ikkje meint å vere noko fasit. Vi vil tru at fagmiljøa sjølv gjer den beste vurderinga av korleis eit tenleg oppsett bør vere, men det kan kanskje vere til hjelp for illustrere kva vi siktar til med oppsett forein sluttrekneskap.

Vår vurdering er at alle investeringsprosjekt over eit gitt nivå bør ha ein sluttregneskap.

I økonomireglementet står det at alle prosjekt over 15. mill kr. skal leggest fram for kommunestyret.

Dei større investeringsprosjekta kan ein også vurdere å leggje fram for kontrollutvalet for innstilling til kommunestyret. Desse kan ein også vurdere å få ein revisjonsuttale på.

## 7. KONKLUSJONAR OG ANBEFALINGAR

Kommunen har den seinare tid gjort eit viktig arbeid med å strukturere gangen i eit prosjekt innan vann og avløp. Dette arbeidet ber etter vårt syn likevel preg av å liste opp mange oppgåver som ei prosjektleiar skal gjere, utan at det er gitt særleg med rettleiing og prosedyrar for korleis alle desse oppgåve skal utførast.

Etter vår vurdering bør kommunedirektøren få på plass ei betre overordna planmessig styring og betre rapportering til politikarar og innbyggjarane, når det gjeld gjennomføring av prosjekt innan VA. Vidare er det viktig at planar og framdrift i prosjekta er godt forankra på kommunalsjefnivå.

Etter vår vurdering er det viktig at kommunedirektøren legg ein strategi for å løyse utfordringane i høve til kapasitet ved utbyggingsavdelinga. Dette inneber ein strategi for utvikling av eigne ressursar og ein innkjøpsteknisk strategi knytt til leige av eksterne resursar.

Vi vil anbefale kommunen å gjere ei evaluering av organiseringa av VA prosjekt. Vi siktar her til ansvarshøva mellom prosjektleiar og det som blir omtalt som ei prosjektgruppe. Etter vår syn er det ein stor risiko for at ein tilslører ansvarshøva ved organiseringa slik den er i dag, og då særleg i høve til kven som har ansvaret for økonomien i eit prosjekt.

Det blir ikkje oppretta ei prosjektgruppe i vanleg forstand som består at personar som har ansvar for dei ulike prosjektstyringsprosessane. Den som blir prosjektleiar i utbyggingsavdelinga synast å vere særst aleine i å skulle gjennomføre eit breitt spekter av oppgåver som krev god erfaring og kompetanse. Truleg kan ein med fordel leggje opp til at dei som arbeider ved utbyggingsavdelinga blir gitt ei viss grad av spesialisering. Kommunen bør etter vårt syn gjere ei formalisert vurdering i høve til å setje saman ei prosjektgruppe i vanleg forstand.

Investeringsprosjekta innan VA har, slik vi vurderer det, ikkje reelle budsjetttrammer som ein skal halde. Etter vårt syn bør kommunedirektøren prioritere å få ein fortgang i det arbeidet som økonomiavdelinga har arbeidd med dei seinare år i høve til å få på plass reelle budsjetttrammer vedteke av kommunestyret. Dette kan sørge for ein betre disiplin i høve til å gjennomføre prosjekta i tråd med ein vedteken plan.

Dei sentrale styringsdokumenta bør etter vårt syn innehalde meir informasjon om prosjekta. Vi vil her særleg peike på informasjon som gir oversikt utover det eittårige perspektivet.

Vi skal vidare summere opp våre anbefalingar i høve til dei ulike prosessane. Det er viktig at ein ikkje les dette som eit pålegg frå kommunerevisjonen, men noko som vi meiner kommunedirektøren bør vurdere. Ressursar sett av til styring av eit investeringsprosjekt inneber mindre resursar til andre oppgåve, og prosjektstyring er eitt av fleire omsyn ein må veie. Utbyggingsavdelinga har avgrensa kapasitet og ein må vere varsam med å stille så strenge krav til prosjektleiarane at det oppstår ei overadministrering av prosjekta.

Kommunen bør utarbeide skiftlege retningslinjer eller prinsipp som gir rettleiing til prosjektleiaren i høve til handtering av usikkerheit i dei ulike fasane.

Kommunen bør utvikle prosedyremalar som for alle investeringsprosjekt gir hjelp til å:

- Utforme eit prosjektmandat
- Gjennomføre ei interessantanalyse
- Handtere endringsstyring og omfangsstyring
- Utforme ein overordna prosjektplan og framdriftsplan for heile prosjekt
- Gjennomføre ei heilskapleg risikoanalyse
- Utforme ein anskaffingsplan
- Gjennomføre ei evaluering
- Gjere ei formell avslutning

Vår vurdering er at alle investeringsprosjekt over eit gitt nivå bør ha ein sluttrekneskap. Kommunen bør utarbeide eit standardoppsett for prosjektrekneskap som mogleggjer ei overordna og samla oppfølging av prosjektøkonomien.

Kommunen bør gjere ein gjennomgang av rutinar for arkiv vedkomande dokument som vedkjem investeringsprosjekta. Vidare bør kommunen gjere ei vurdering av behovet for edb-løysningar som kan understøtte prosjektprosessane på ein betre måte enn dagens system med ACOS Websak og flatfiler. Etter vår vurdering synleggjer vår gjennomgang eit behov for å få på plass eit meir spesialisert prosjektstyringsverktøy som har ei god dokumenthandtering.

## VEDLEGG

### SENTRALE DOKUMENTER OG LITTERATUR

#### **Lov og forskrift**

Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)

#### **Sentral dokument frå Ålesund kommune**

Hovudplan for vann

Hovudplan for avløp

#### **Andre kjelder**

NS-ISO 21500:2012 *Veiledning i prosjektledelse*,

Rettleiar - *Budsjettering av investeringer og avslutning av investeringsregnskapet*, Kommunal- og regionaldepartementet (2011)

bedreVANN – *Resultater 2018, Tilstandsvurdering av kommunale vann- og avløpstjenester*, Norsk Vann BA (2019)

## KOMMUNEDIREKTØREN SINE KOMMENTARAR



## ÅLESUND KOMMUNE

Møre og Romsdal Revisjon AS

**Vatn og avløp**

Saksbehandler:

Jesper Sode Hansen

Tlf.

Unntatt offentlighet Offl. § 5 første ledd

Deres referanse:

Vår referanse:

20/10436-2 20/47134

Arkivkode:

216

Dato:

20.05.2020

**Oversending av rapportutkast - Investeringsprosjekt Ålesund kommune**

Ålesund kommune har i flere år hatt utfordringer med kvalitet og leveransehastighet for investeringsprosjekt innen vann og avløp. Utfordringene som beskrives i rapporten er i stor grad kjent for virksomheten. Rapporten kommer i tillegg med gode løsningsforslag som vi ønsker å inkorporere i det videre arbeid med å forbedre kvalitet og leveranse innen investeringsprosjekt i virksomheten.

Det er allerede påbegynt en rekke tiltak for å forbedre flere av de problemstillingene som reises i rapporten. Allerede i 2018 ble det igangsatt en Lean prosess for å jobbe fram en prosess, prosedyre og maler for prosjektstyring i organisasjonen. Lean prosessen fokuserte i hovedsak på løsning av faglige problemstillinger i forbindelse med prosjektgjennomføring. I dette arbeide ble der i liten grad satt fokus på økonomistyring i prosjekt. Med utgangspunkt i læring herfra er det startet opp flere tiltak for å forbedre overordnet styring og økonomistyring i investeringsprosjekt.

**Organisatoriske endringer**

Ålesund kommune ble per 01.01.2020 sammenslått med fire andre kommuner. I dette arbeidet er det gjennomført flere organisatoriske endringer. Det ble tidlig i januar tilsatt en interim virksomhetsleder med spesialkompetanse innen prosjektledelse, organisasjons- og forretningsutvikling. Denne med mandat til å jobbe med omorganisering av virksomheten og med mål å finne løsninger på en rekke av de problemstillingene som er beskrevet i rapporten.

Hovedplanen for kommunen er det viktigste strategiske verktøyet innen vann og avløp. Den beskriver de overordnet strategiske disponeringer i tiden framover for å levere gode og trygge vann- og avløpstjenester. Saneringsplaner og delsaneringsplaner de verktøy kommunen bruker til å beskrive konkrete aksjoner som må iverksettes for å oppnå

Postadresse:

Postboks 1521  
6025 ÅLESUND[postmottak@alesund.kommune.no](mailto:postmottak@alesund.kommune.no)

Sentralbord:

Tlf. 70 16 20 00

Besøksadresse:

[www.alesund.kommune.no](http://www.alesund.kommune.no)

Nytt organisasjonsnummer:

920.415.288



strategien beskrevet i hovedplanen. I forbindelse med kommunesammenslåingen er det behov for å utarbeide en overordnet og felles hovedplan med tilhørende saneringsplaner for hele den nye kommunen. Å utarbeide disse planene er komplekse og krevende prosesser. Det er derfor tenkt å legge til rette for dette arbeidet gjennom organisatoriske endringer i virksomheten. Det er tenkt å flytte ansvaret for dette u av en avdeling og plassere dette direkte under virksomhetslederen. Denne omorganisering var tenkt gjennomført i første tertial av 2020, men som konsekvens av Corvid-19 epidemien har dette arbeidet blitt utsatt til andre tertial.

Det er også planlagt en gjennomgang av prosjektorganisering og organisering i virksomhetens prosjektavdeling. Det er tenkt å se på organisering, fordelingen av arbeidsoppgaver og samhandlingen på tvers av avdelingene. Det blir vurdert, hvordan vi bør disponere interne ressurser og hvordan vi best kan legge til rette for bruk av eksterne ressurser. I tillegg er det ønskelig å sikre god økonomistyring i prosjektene ved å øke interne ressurser innenfor økonomifunksjon.

#### **Omstrukturering av økonomistyring**

Vi gjennomføre i disse dager en konsolidering av drifts- og investeringsbudsjett og regnskap for de fem tidligere kommunene. For å få bedre kontroll og styring av økonomi har vi gjennomført en omstrukturering av budsjett- og regnskapspraksis. Dette medføre blant annet at vi har samlet investeringstiltakene under noen få, men sentrale prosjektnumrene. Disse kan danne grunnlag for rammetildelinger fra kommunestyret. De enkelte investeringsprosjekt detaljeres deretter under objektnumre i regnskap og budsjett. Alt dette er samlet i kommunen sitt nye virksomhetsstyringssystem, Framsikt. Dette skal sammen med ny struktur for investeringsprosjekt hjelpe oss til bedre virksomhets- og økonomistyring. Det vil gi politikere og innbyggere større innsyn i investeringsprosjektene til kommunen. Samt gi ledelsen i kommunen et godt verktøy til styring av økonomien innen virksomheten og innen prosjekt.

#### **Prosjektstyringsverktøy**

